

# Årsrapport 2019

---



## Innhold

<b>Del I – Innledning fra direktøren</b> .....	<b>3</b>
<b>Del II – Introduksjon og hovudtal</b> .....	<b>4</b>
Verksemd og samfunnsoppdrag .....	4
Utvalde hovudtal .....	6
Organisasjonen pr 31.12.19 .....	7
<b>Del III – Aktivitetar og resultat</b> .....	<b>8</b>
Kommunane blir betre samfunnsutviklarar gjennom å bruke kunnskap frå Distriktssenteret .....	12
Våre tydelege råd til nasjonale myndigheiter blir brukt i politikkkutforming .....	13
<b>Merkur-programmet</b> .....	<b>13</b>
Kompetanse for betre butikk- og bygdeutvikling .....	13
Økonomisk støtte som gir grunnlag for butikkvekst .....	15
Samarbeid mellom kommune og nærbutikk .....	16
Vi er ein framtidretta kunnskapsorganisasjon med nøgde brukarar og tilsette .....	17
Ressursbruk .....	19
Andre oppdrag i tildelingsbrevet .....	20
Utgreiingar og kunnskapsutvikling, ferdige eller starta i 2019 .....	21
<b>Del IV - Styring og kontroll</b> .....	<b>24</b>
<b>Del V – Vurdering av framtidutsikter</b> .....	<b>26</b>
<b>Del VI – Årsrekneskap</b> .....	<b>29</b>
Innleiing .....	29
Kommentarar frå leiinga .....	29
Prinsippnote til årsrekneskapen .....	30
Oppstilling av løyvingrapportering for rekneskapsåret 2020 .....	31
Oppstilling av artskontorrapporteringa for 2019 .....	33
Vedlegg: Nøkkeltal Merkur-programmet .....	37
Oversikt over tildelingar gjennom støtteordningane, sortert på fylke .....	38



## Del I – Innledning fra direktøren

Noko av det viktigaste som har skjedd for Distriktssenteret i 2019, er at vi har utvida perspektivet vårt. Vi er ikkje lengre eit reint kompetansesenter som er til hjelp for offentleg sektor. No er vi også eit forvaltingsorgan som arbeider for næringslivet som held til i dei små og utsette lokalsamfunna. Det har styrka oss som kompetansesenter. Eg meiner også det har styrka Merkur-programmet.

Aldri før er det utbetalt så mykje støtte til butikkane i Merkur-programmet. Samstundes ser fleire kommunar nytten av å ta i bruk lokalbutikken som ein forlenga arm for både tenestetilbodet og den lokale samfunnsutviklinga. Arbeidet med å synleggjere den gjensidige nytten mellom kommunen og nærbutikken starta før Distriktssenteret overtok administrasjonen av Merkur-programmet, men viser tydelege resultat i 2019.

Distriktssenteret har prioritert å leggje ekstra ressursar inn i arbeidet med Merkur-programmet. Det gjer arbeidet mindre sårbart og har gitt oss høve til å arbeide for forenkling og forbetring som skal gjere både vårt og butikkane sitt arbeid lettare. Eit resultat av dette er fjerning av akseptfristen like etter nyttår i 2020, noko som vil redusere vår arbeidsmengd og fleire butikkar sin frustrasjon. Hovudprogrammet er under revisjon, og vil vere på plass i ny form til programmet si jubileumsfeiring i oktober.

Trass mange og store og til dels nye oppgåver i 2019, har året vore prega av arbeidsro. Det har gitt oss sjansen til å kome med solide leveransar innafor dei vanlege oppgåvene: Rettleiing til kommunane, samarbeid med fylkeskommunane, innhenting av ny og oppdatert kunnskap og



omsetjing av denne for å gjere det mogleg å ta den i bruk i lokalt utviklingsarbeid.

Vi set pris på å bli utfordra til å levere bidrag til stortingsmeldingar og politikktutvikling i departementa. At dette har noko for seg, ser vi når til dømes distriktsmeldinga synleggjer vår kunnskap og eksempla vi trekk fram. Vi blir utfordra til å levere til distriktsnæringsutval, demografiutval og Ungdommens distriktspanel. Det motiverer medarbeidarane og motiverer til nytenking i både kunnskapsbygging og formidling.

Slik eg ser det, har Distriktssenteret løyst oppdraget og nådd måla for 2019 på en god måte. Vi har klart å gjere den utvida organisasjonen til *eitt* lag og kjenner oss framleis som eitt senter. I større og større grad er det mogleg å sjå spora Distriktssenteret og Merkur-programmet set, både hos nærbutikker, kommunar, fylkeskommunar og i nasjonal politikk. Takk til dyktige medarbeidarar og leiarar.

Halvor Holmli  
direktør  
Distriktssenteret  
- Kompetansesenter for distriktsutvikling

## Del II – Introduksjon og hovudtal

### Verksemd og samfunnsoppdrag

Distriktssenteret er det einaste nasjonale kompetansesenteret for kommunane og regionane samfunnsutviklingsrolle. I 2019 har senteret arbeid spesielt mykje med å styrke Merkur-programmet og koplingane mellom kommune og nærbutikk. Vi har også etablert Ungdommens distriktspanel og halde fram arbeidet med kunnskapsutvikling og rettleiing i mange fagområde som bidrar til lokal samfunnsutvikling. Distriktssenteret blei oppretta i 2008, og er ein fagleg uavhengig etat under Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Distriktssenteret er eit fagmiljø som har tett kontakt med mange av kommunane vi arbeider med. Vi har god oversikt over eksisterande erfaringar og forskning. Senteret er eit knutepunkt som koplar menneske, organisasjonar og arenaer på tvers av fag, forvaltingsnivå og geografi. Sidan vi samlar inn og spreier kunnskap og eksempel på denne måten, gir Distriktssenteret nasjonal meirverdi og læring.

Vi leverer kunnskap som gir meirverdi i kommunar og regionar sitt arbeid med å utvikle attraktive og vekstkraftige lokalsamfunn<sup>1</sup>. Som eit desentralisert og spissa kompetansmiljø koplar vi forskning med praktisk arbeid i kommunar og fylkeskommunar. Slik blir dei lokale utviklingstiltaka betre.

Merkur-programmet er eit nasjonalt kompetanse- og utviklingsprogram for distriktsbutikker (nærbutikker og bokhandlarar). Programmet arbeider for at daglegvarebutikkane kan få tilleggstenester som gir auka lønsemd i butikken og som gir innbyggjarane i lokalsamfunnet betre tenester.<sup>2</sup>

#### Mål for Distriktssenteret<sup>3</sup>

- Kommunane blir betre samfunnsutviklarar gjennom å bruke kunnskap frå Distriktssenteret.

- Våre tydelege råd til nasjonale styresmakter blir brukt i politikktutforming.
- Vi er ein framtidsretta kunnskapsorganisasjon med nógde og tilsette.

#### Mål for Merkur-programmet<sup>4</sup>

- Nærbutikkane byggjer opp kompetanse ved å delta i Merkur-programmet
- Nærbutikkane utviklar seg i samspel mellom butikken, lokalsamfunnet og kommunen.
- Økonomisk støtte frå Merkur-programmet bidreg til attraktive nærbutikker med god standard.
- Nærbutikken tar ei rolle som lokal utviklingsaktør

Distriktssenterets arbeid med lokal utvikling er først og fremst forankra i Statsbudsjettets mål for distrikts- og regionalpolitikken delmål 1.2. *Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i områder med særlege distriktsutfordringar.* Arbeidet med Merkur-programmet er knytt til delmål 1.3. *Tilgang til grunnleggande private tenester i område med få innbyggjarar.*

Tildelingsbrevet for 2019 seier at hovudmålet for Distriktssenteret er å bidra til at «kommunane er gode samfunnsutviklarar» og å drifte Merkur-programmet i samsvar med måla for programmet.

*Gjennom Distriktssenterets ressursar og godt samarbeid med sentrale samarbeidspartnarar skal senteret auke utviklingskapasiteten i kommunane og vere ein nyttig og relevant kunnskapsbase for aktørar innanfor temaet samfunnsutvikling.*

*Distriktssenteret er ein viktig kompetansepartnar for kommunar og fylkeskommunar, og skal også bidra med faglege innspel til nasjonal politikktutvikling for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Dette inneber framhalden systematisk tilnærming til samanstillings- og analysearbeid. Arbeidet på dette område blir basert på tydelege*

<sup>1</sup> Samfunnsoppdraget, slik det er definert i *Strategi 2020*

<sup>2</sup> Samfunnsoppdraget til Merkur-programmet slik det er definert i *Strategi for Merkur 2020*


<sup>3</sup> Strategi 2020

<sup>4</sup> Strategi for Merkur 2020

analysestrategiar som sikrar at kunnskapen er relevant og kan bli brukt til politikktutvikling.

I 2019 skal Distriktssenteret prioritere små og mellomstore kommunar, og område med særlege distriktutfordringar.<sup>5</sup>

### Samarbeid med andre



Distriktssenteret har eit tett samarbeid med dei fleste fylkeskommunane. Vi samarbeider også med fleire regionale statlege aktørar og dei nasjonale butikkjedene.

Samarbeidet med fylkeskommunane er lagt opp på ulike måtar for å møte ulike behov og arbeidsmåtar. En suksessfaktor er å avtale konkrete tiltak og fordele ansvar. Arbeidet med regionreforma har gjort det meir utfordrande å ha ein strategisk dialog om samarbeid med fleire av fylkeskommunane. Samtidig har vi god erfaring med samarbeid om konkrete aktivitetar av ulike slag.

Når vi planlegg og testar ut nye arbeidsmåtar for kunnskapsutvikling i *Distriktskommune 3.0* og for rettleiing av kommunar i *Rettleiingspakkar*, er fleire fylkeskommunar med på laget, og val av deltakarkommunar skjer i samarbeid med fylkeskommunane.

Vi har jamleg kontakt og fagleg samarbeid med både Husbanken og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi). Vi har arbeidd saman om både kunnskapsutvikling og formidling. I 2019 har vi skrive samarbeidsavtale med Husbanken slik at begge verksemdene betre skal kunne nå mål og resultat enn vi kvar for oss vil gjere. Utvikling av gode bustader og bumiljø er grunnleggjande i velferdspolitikken og i lokal samfunnsutvikling. Avtalen skal bidra til god

samordning mellom politikkområde og betre koordinering av innsats og samarbeid overfor kommunar, fylkeskommunar, regionar og andre statlege aktørar.

I tillegg til samarbeid med Regionalpolitisk avdeling i eigardepartementet Kommunal- og moderniseringsdepartementet, har vi samarbeidd med Kommunalavdelinga om programmet *Fremtidens lokaldemokrati i nye kommuner*. Vi samarbeider med Planavdelinga om mellom anna *Statens pris for berekraftig by- og stadutvikling*.

Vi har deltatt i utviklinga av Innovasjon Norges verktøy Næringsvennlige regioner, som blei avslutta i 2019. Konsept for gjennomføring av forstudiar og forprosjekt er utvikla og prøvd ut i nokre regionar i landet, blant anna Fosenregionen.

Vi har følgd opp samarbeidet med KS i forbindelse med at fylkeskommunane overtar ansvaret for regionalt næringsprogram for landbruket. Vi bidro med foredrag og prosessarbeid på felles samling for fylkesmennenes landbrukssjefar og fylkesnæringsjefar. Her jobba vi med å få til god dialog på tvers av regionale nivå. Vi fekk gode tilbakemeldingar på prosessen.

Vi har også samarbeidd med KS om pilotprosjektet «Kommunen og nærbutikken», der KS var representert i styringsgruppa.

I juni ble vi tildelt støtte frå Norges forskningsråd til offentleg sektor PhD. Seniorrådgjevar Elisabeth Veivåg Helseth har gått inn i eit doktorgradsløp ved NMBU med prosjektet *Valuation and governance of forest ecosystem services for sustainable community development*. Kunnskap frå prosjektet vil gå inn i Distriktssenterets kunnskapsbase.

Vi er etterspurt som faglege bidragsytarar i nabolanda våre. Vi hentar også kunnskap og bidrag utanfor grensene våre. Vi samarbeider med blant anna Nordregio, Nordisk Ministerråd, Reglab Sverige, Tillväxtanalys og Tillväxtverket.

<sup>5</sup> Tildelingsbrev 2019

## Utvalde hovudtal


### Distriktssenteret

Utførte årsverk	24,16
Samla tildeling	33 399 000
Utnyttingsgrad	97 %
Driftsutgifter	32 478 000
<b>Lønsdel av driftskostnader</b>	<b>70,9 %</b>


Tabell 1: Utvalde hovudtal frå 2019 for kap/post 554/01

### Merkur-programmet

Tildelt 2019	59 708 000
Overført frå 2018	22 007 000
Samla tildeling	81 715 000




Figur 1: Fordeling av Merkur-utbetalinger i 2019



Figur 2: Fylkesvis fordeling av støtte til butikkar i 2019

## Organisasjonen pr 31.12.19



Figur 3 Organisasjonskart med fordeling av tilsette mellom kontora i Sogndal, Alstahaug og Steinkjer

Distriktssenteret er det einaste nasjonale kompetansesenteret for kommunanes og regionanes samfunnsutviklingsrolle. Senteret har oppgåver innan fornying av lokaldemokratiet i kommunane, kunnskapsutvikling og rettleiing i mange fagområde som bidrar til lokal samfunnsutvikling.

Frå 2019 forvaltar vi også Merkur-programmet, som med 10 butikksulentar, kompetanseprogram og tilskotsmidlar gir bistand til butikkar i Distrikts-Norge. 26 tilsette er fordelt på kontor i Sogndal, Sandnessjøen og Steinkjer. Vi har ein effektiv, distribuert organisasjons- og leiingsmodell.

Dei tre avdelingane har ikkje ansvar for spesielle regionar eller fagområde. I staden arbeider vi

svært ofte i grupper der det deltar medarbeidarar frå fleire avdelingar. For å få dette til, har vi sidan oppstarten i 2008 arbeidd mykje med å etablere og ta vare på felles kultur og å legge til rette for enklast mogleg stadvhengig samarbeid. I 2019 har vi lagt stor vekt på at nye medarbeidarar og oppgåver i Merkur-programmet skal finne ein god plass på laget.

Vi har omfattande bruk av samarbeid på video, samskriving og involvering i interne prosessar. Ein aktiv samhandlings- og delingskultur underbygger dette. Leiargruppa har faste møte på video kvar veke. Alle i Distriktssenteret deltar på fellesmøte med både fagleg og organisatorisk innhald annakvar uke. Medarbeidarane samarbeider dagleg med kollegaer på andre kontor.



## Del III – Aktivitetar og resultat

Overtakinga av Merkur-programmet har sett sitt preg 2019. Vi har lagt vekt på at vi framleis skal vere eitt senter, og at Merkur-konsulentar og Merkur-styret også skal verte ein del av det same laget. Vi har difor lagt vekt på at konsulentane og dei tilsette i Distriktssenteret skulle møte kvarandre for å dele kunnskap og erfaringar, og at leiargruppa i Distriktssenteret skulle delta på studieturen til Merkur-styret og -konsulentane. Mange av rådgjevarane i Distriktssenteret har arbeidd med kunnskapsutvikling og formidling der nærbutikkens rolle i lokalsamfunnet og kommunen sitt forhold til nærbutikken har vore tema.

Distriktsmeldinga *Levende lokalsamfunn for fremtiden* blei lansert i oktober, med nye arbeidsoppgåver for oss. Vi skal mellom anna drifta Ungdommens distriktspanel<sup>6</sup>, som våren 2021 skal gje regjeringa ti gode råd om framtidens distriktspolitikk.

Distriktskommunane skal vere gode samfunnsutviklarar. For å bidra til at kommunane endre haldningar og praksis må kunnskapen vi tilbyr bli brukt.

Vårt arbeid skal bidra til at lokalsamfunn i område med lange avstandar og få innbyggjarar er inkluderande og livskraftige. Desse områda skal sikrast tilgang til butikk, som er ei grunnleggjande teneste.

Distriktssenteret skal bidra til at lokal samfunnsutvikling vert eit viktig perspektiv i Merkur-programmet, i tillegg til butikkutvikling. Vi skal styrke dialogen med kommunane, om butikkens betydning for lokalsamfunnet og kommunens betydning for butikkane.

Vi veit kva som pregar kvardagen hos tilsette og folkevalde i små og mellomstore kommunar, der distriktspolitikken skal gi resultat. Vi veit at utviklingsarbeid er utfordrande å kombinere med den daglege drifta. Brukarar som har fleire funksjonar i kommunen må være nøye med korleis dei utnyttar arbeidstimane. Difor må våre

bidrag være lette å forstå og lette å få tak i, slik at kommunane kan ta dei i bruk så enkelt som råd.

Vi kjenner også godt til kvardagen for små distriktskjøpmenn som har store utfordringar med å få til lønsam drift, når folketalet går ned og gjennomsnittsalderen for dei som blir verande, stig for kvart år. Mange kjøpmenn ønskjer å vere samfunnsutviklar og har gode føresetnader for å få det til. Utviklingskapasiteten blir dårleg når kjøpmannen må bruke alle krefter for å sikre at butikken overlever. Det er viktig for Distriktssenteret at kjøpmenn ikkje skal oppleve dialogen med kommunane som ei ekstra oppgåve, men som ein sjanse til å få til eit betre samspel – til beste for både butikken, bygda og kommunen

### Læring

For oss er det riktig å bruke ressursar på å formidle med klart språk. Innhaldet må vere tydeleg og prega av ord mottakarane er vane med å bruke. Til liks med lærarar tek vi utgangspunkt i det brukarane har og kan allereie – og byggjer på med ny kunnskap. Elles vil vi ikkje oppnå endring i praksis hos politikarar og tilsette i kommunane.

Vi tilbyr produkt og tenester brukaren får tak i frå eigen skrivepult og datamaskin. Vi lager hefte og filmar, og arrangerer webinar der eksempel på lovande praksis og konkrete resultat visast fram.

Nettsida [distriktssenteret.no](https://distriktssenteret.no) har innhald som er tilpassa brukaroppgåver i kommunane. [Merkur-programmet.no](https://merkurprogrammet.no) er primært retta mot kjøpmenn, men blir også lest av andre som er interessert i butikk- og bygdeutvikling. Vi har valt å prioritere aktiv bruk av Facebook som sosialt medium. Det er fordi vi ser det er der vi når flest av de kommunale medarbeidarane, butikkdrivarar og politikarar som har nytte av kunnskapen vår.

Vi sender regelmessig ut nyheitsbrev til kommunane (Distriktssenteret) og til butikkane (Merkur). I tillegg bruker vi delings-plattformer som Vimeo og YouTube når det er relevant. For å nå ungdom i samband med Ungdommens

<sup>6</sup> <https://ungdomspanel.distriktssenteret.no/>



distriktspanel har vi også teke i bruk Instagram og Google-annonsering.

Vi har lagt til rette for at deltakarar på møte, konferansar, seminar og samlingar både skal lære og lære bort. Vi tek med oss dei gode erfaringane frå Byregionprogrammet og Fremtidens lokaldemokrati inn i kompetanseprogrammet i Merkur.

### Verktøy

Vi erfarer at små og mellomstore kommunar har behov for praktiske verktøy som er enkle for dei å bruke. Vi omarbeider kunnskap frå kartleggingar, utredningar og utviklingsprogram, og skaper dette om til hjelpemiddel for kommunane. Samstundes er det ei utfordring å spreie slike verktøy på ein måte som gjer at brukarane klarar å bruke dei aktivt på eiga hand, utan at vi er involvert i prosessane.

I 2019 har vi utvida verktøykassa med minirapportar for alle kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6<sup>7</sup>. Rapportane handlar om utviklinga i arbeidsplassar, befolkning, næringsliv og utdanning. Kommunane kan hente fram ulike scenarier for vekst fram til 2030, og bruke dei i planlegginga si.

Verktøykassa skal bidra til at kommunane arbeider heilskapleg og systematisk med lokal samfunnsutvikling. Vi legg vekt på at slike verktøy skal ha nytte i fleire område av lokalt samfunnsutviklingsarbeid.

Vi jobbar saman med kjøpmenn for å byggje opp god kompetanse på butikkdrift i småsamfunn. Dette skjer gjennom Merkurs hovudprogram, som er grunnpilaren i Merkurs kompetanseprogram. Det er sett i gang ein omfattande revisjon av hovudprogrammet, i samarbeid med kjedene. Både innhaldet i programmet og metodikken blir gjennomgått på nytt. Nytt hovudprogram skal etter planen ligge føre tidleg hausten 2020.

Merkurs oppgåve er å byggje opp kompetanse på samspelet mellom butikken og lokalsamfunnet, tilføre tilleggsoppgåver og legge til rette for samarbeid med kommunane. Merkur-

konsulentane jobbar også som bedriftsrådgjevarar for kjøpmennene.

Når butikkar blir lagt ned, blir situasjonen kritisk for mange lokalsamfunn. Ofte skjer det ei bygdemobilisering der folk går saman om å kjøpe aksjar og etablere ein ny, folkeeid butikk som kan ta opp igjen butikkdrifta. I slike situasjonar er Merkur-konsulentane viktige medspelarar for bygdelag som har behov for ein profesjonell bygdeutviklar.

### Kunnskapsutvikling

Vi veit lite om norsk distriktsungdom. Dette kjem fram i ei ny kunnskapsoversikt<sup>8</sup> som vi fekk laga til arbeidet med Ungdommens distriktspanel. På dette feltet vil kunnskapsutviklinga som vi er i gang med, fylle eit nasjonalt kunnskapshol.

Vi ønskjer tettare kontakt med kommunane og fylkeskommunane når vi skal utvikle ny kunnskap. Vi trur det bidrar til at kunnskapen blir skreddarsydd for behovet hos dei som skal ha nytte av den, og i større grad blir tatt i bruk.

I 2018 bad vi gjennom nettkampanje og verkstader brukarane fortelje kva spørsmål dei ønskjer svar på i vår neste utgreiing. I 2019 har det resultert i samarbeidsprosjektet

*Distriktskommune 3.0*. Trøndelag fylkeskommune, Nordland fylkeskommune og Distriktsenteret vil ha meir kunnskap om vår rettleiingsspraksis mot dei minste kommunane, og korleis og dei minste kommunane kan bruke samfunnsdelen av kommuneplan som eit effektivt verktøy. Prosjektet har oppstart 2020 og blir avslutta i 2023. Fylkeskommunane rekrutterer til saman 4-6 pilotkommunar. Forskingsinstitutta Ruralis og Nordlandsforskning skal følge prosjektet og kartlegge og skildre korleis samfunnsplanlegginga kan bli tilpassa dei minste kommunane.

Kommunar og fylkeskommunar bruker prognosar for folketalsutvikling i planlegginga si. I 2019 fekk vi Trøndelag Forskning og Utvikling til å kartlegge *korleis* nokre av prognosane vert brukt<sup>9</sup>. Kommunane er mest opptatt av å forstå handlingsrommet sitt og kva som kan bidra til

<sup>7</sup> <https://regionalanalyse.no/distrikt>

<sup>8</sup> [Å være ung i Distrikts-Norge. Johan Fredrik Rye, NTNU](#)

<sup>9</sup> [Hvordan brukes befolkningsprognoser? Trøndelag Forskning og Utvikling](#)

betre utvikling, framfor å få meir presise framskrivingar.

Kommunen si rolle som tilretteleggjar for næringsutvikling er ikkje ei lovpålagt oppgåve. Like fullt er denne rolla ein sentral del av distriktskommunanes samla engasjement innan lokal samfunnsutvikling. I 2019 har vi samanfatta kunnskapen vår på fagområdet i eit notat til distriktsnæringsutvalet. Vi har også utfordra forskarar til å beskrive rolla som næringsutviklar i 2030<sup>10 11 12 13</sup> og til å skildre arbeidet i 12 kommunar som er gode på næringsutvikling. Til saman vil dette oppdaterte kunnskapsgrunnlaget bli brukt til å fornye formidlinga vår på fagområdet i 2020.

Vi har og fått fram ny kunnskap som viser at innbyggjarar vil ha meir medverknad i lokale politiske saker<sup>14</sup>. Innbyggjarar i fire samanslåtte kommunar meiner kommunen må leggje betre til rette for medverknad. Forskarane meiner at kommunar kan bruke frivillig sektor som arena for medverknad i kommunale saker.

### Nettverk

Vi er ein nasjonal kunnskapsaktør. Vi koplar utviklingsaktørar som vil ha nytte av å være i same nettverk slik at kunnskap blir tatt i bruk. Vi er opne for å formidle gjennom andre.

Vi samarbeider med aktørar som arbeider med eller bygger kunnskap om lokal og regional utvikling, f.eks. fylkesmenn, forskingsmiljø, KS, Husbanken, IMDi. Vi tar initiativ til og deltar i relevante kunnskapsnettverk.


Ein viktig aktivitet i samarbeidet med Husbanken er kunnskapsutvikling om korleis distriktskommunar kan leggje til rette for å utvikle tilbudet av aldersvenlege bustader (både eksisterande og nye bustader), i aldersvenlege bumiljø, slik at det gir gevinst for den enkelte bebuar, for kommunen og for lokal samfunnsutvikling.

Vi er medlem i Forum for stadutvikling. Vi meiner vi har bidratt til at deltakarane i forumet har anerkjent at det er andre rammevilkår som gjeld for små og mellomstore byar enn for storbyane.

I 2019 undersøkte vi styringsutfordringar i deltakarbyene i Nordisk ministerråd sitt prosjekt *Attractive towns. Green redevelopment and competitiveness in Nordic urban regions*. Funna viser at mangel på tid er den vanlegaste hindringa. Den faktoren som fremmar resultat, er storleiken på staden – små og mellomstore byar kan treffe raske avgjerder og har god oversikt over relevante aktørar som kan bli involvert i utviklingsarbeidet. Faktorar som deltakarbyane meiner bidrar til konkret gjennomføring av utviklingsarbeid er

- høg grad av tillit mellom dei involverte aktørane.
- stor grad av samarbeid mellom ulike etatar og avdelingar i kommuneadministrasjonen .
- at prosjektet er forankra i budsjett og kommuneplan.

### Oppnådde resultat



Figur 4: Distriktsenteret si tilnærming til resultatkjeda

For mange ytre faktorar slår inn til at det er mogleg å måle direkte samfunns-effekt av enkelttiltak som er tenkt å ha innverknad på lokal eller regional samfunnsutvikling. Det vi då kan måle om Distriktsenteret, er først og fremst om vi leverer tenester som er etterspurt og om brukarane opplever nytte. I tildelingsbrevet for 2019 er målet at «kommunane er gode samfunnsutviklarar»<sup>15</sup> og «tilgang til

<sup>10</sup> [Kommunen som næringsutvikler 2030. Menon Economics](#)

<sup>11</sup> [Næringsutviklingskommunen 2030. Ruralis](#)

<sup>12</sup> [Kommunen sin framtidige næringsutviklingsrolle. Nord universitet](#)

<sup>13</sup> [Næringsutvikling i distriktskommuner 2030. Telemarkforskning](#)

<sup>14</sup> [Innbyggermedvirkning i sammenslåtte kommuner. Ruralis](#)

<sup>15</sup> Tildelingsbrev 2019, pkt 3.1

*grunnleggande private tenester i distrikta»<sup>16</sup>.* Distriktssenteret skal bidra til dette ved å auke kommunane si utviklingskapasitet ved å tilby kunnskap som bidrar til bevisstgjerung og handling. Tilgang til private tenester skal primært bli nådd gjennom forvaltning av Merkur-programmet.

### **Brukarundersøking**

Hausten 2019 gjorde Trøndelag Forsking og Utvikling ei brukarundersøking for oss. Spørjeundersøkinga viser at vi når breidt ut i målgruppa av distriktskommunar, noko som også tyder på at vi når kommunane med dei største utfordringane innan samfunnsutvikling.

Gode eksempel og læringshistorier, publikasjonar på nett, trykte rapportar og hefte og presentasjonar på seminar viser seg å vere dei mest nyttige formidlings- eller kunnskapsproduktene våre.

Undersøkinga viser at vi bidreg til kompetanseheving for 34-52 prosent av respondentane som arbeider med dei fagområde vi dekker og har kjennskap til Distriktssenteret.

Når det gjeld endringar i praksis gjennom t.d. tiltak, er det lågare brukareffekt. 19-25 prosent seier at Distriktssenteret har bidratt i nokon eller i stor grad til tiltak. Ei forklaring på dette kan vere eit fåtal (litt over 20 %) har hatt tett kontakt med oss i form av rettleiing eller prosessbistand.

Synleggjering og tydeleggjering av vår kompetanse, produkt og tenester er rimeleg god, men kan, bli tydelegare, kanskje gjennom betre marknadsføring.

Oppdraget vårt er først og fremst målbart på nivå tre og fire i resultatkjeda. Når vi kan sjå brukareffekt gjennom kunnskaps-, åtferds- eller haldningsendringar hos kommunane kan vi til ei viss grad sannsynleggjere at desse på lang sikt vil ha samfunns effekt gjennom kommunane sitt

lokale utviklingsarbeid, fordi kommunane blir betre samfunnsutviklarar.

Samfunns effekten av Merkur-programmet lar seg delvis dokumentere ved å sjå på korleis butikk- og servicetilbodet utviklar seg i små lokalsamfunn. Kompetanseheving, bedriftsrådgeving og støtte til investeringar gjer det mogleg for små butikkar å modernisere butikken, utvide varetilbodet og etablere nye servicetilbod. Samarbeidsavtalar med kommunar, som er testa ut i prosjektet *Kommunen og nærbutikken* gir betre og meir tilgjengelege tenester for innbyggjarane.

Ein rapport frå Institutt for bransjeanalyser (IBA)<sup>17</sup> viser at Merkur-butikkane fekk ein vekst i omsetninga på 2,9 prosent i 2018. Bygdebutikkar som ikkje deltok i Merkur, fekk til samanlikning ein vekst på 2,3 prosent.

Høgskulen i Volda gjennomførde i 2019 ei brukarundersøking som viser at to av tre nærbutikkar har minst fem tilleggstenester. Dette er langt over det som var registrert ved ei liknande undersøking i 2014. Det viser at arbeidet med å få på plass fleire tilleggstenester gir gode resultat, både i form av ekstra inntekt til butikken og betre tenester for tilreisande, faste innbyggjarar og lokalt næringsliv. Undersøkinga viser også at 80 prosent av drivarane meiner at bistand frå Merkur-konsulentane har vore avgjerande for konkrete tiltak for å styrke lønsemda i butikken. Konsulentane spelar også ei viktig rolle i arbeidet med å utvikle samspelet mellom butikken og bygda, mobilisere lokalsamfunnet til auka handel og få kommunen til å støtte opp om butikken.

30 prosent av butikkane har hatt ekstra oppfølging frå konsulent gjennom omstillingsordninga dei siste fem åra. 80 prosent av drivarane svarar at hjelp frå konsulentane har resultert i auka handel i butikken. 75 prosent av drivarane svarar at hjelp frå Merkur-konsulentane har vore avgjerande for å sikre overleving for butikken.

<sup>16</sup> Tildelingsbrev 2019, pkt 3.2

<sup>17</sup> Bygdebutikkens økonomi, Institutt for bransjeanalyser (2019)

I Strategi 2020 har Distriktssenteret definert tre mål for kommunane. I tilleggskokumentet Strategi for Merkur 2020 er det definert tre satsingsområde for arbeidet med butikkane. Vi tar utgangspunkt i desse når vi skal vurdere kor godt vi når måla våre. Det er aktiviteten over tid som er avgjerande for resultat og effekt, ikkje berre aktiviteten i 2019.

### **Kommunane blir betre samfunnsutviklarar gjennom å bruke kunnskap frå Distriktssenteret**

#### **Resultat**

Vi har bidratt til at kommunane har tilgang til meir kunnskap om korleis dei kan legge til rette for at tilflyttarar vert bufaste innbyggjarar.

Vi har bidratt til at kommunane har tilgang til meir kunnskap om korleis dei kan legge til rette for unge gründarar.

Vi har bidratt til å bevisstgjere kommunar om kor viktig det er å involvere barn og unge i arbeid med lokal samfunnsutvikling.

Vi har bidratt til at nye folkevalde har tilgang til kunnskap om korleis dei kan involvere innbyggjarane.

Vi har bidratt til at kommunar og regionar har tilgang til kunnskap om føresetnader for og praktiske verktøy for å lykkast med regionalt samarbeid.

Vi har bidratt til at kommunar har tilgang til kunnskap om nytta av å samarbeide med nærbutikken.

### **Sogn for alle**

Vi bidrog med kunnskap og prosessleiing på oppstartsseminaret «Sogn for alle». Sogn regionråd er samarbeidsorgan for ni kommunar. Rådet starta utviklingsarbeidet for god integrering av innvandrarar hausten 2018. Arbeidet er nedfelt i regionalplanen 2017- 2020. Vår bistand har resultert i at fylkeskommunen gav 400 000 til prosjektet.

Sogn regionråd seier:

*Vi kontakta Distriktssenteret i tidleg fase av arbeidet. I første omgang for å henta kunnskap og fagleg hjelp til integreringsarbeidet som var nytt for regionrådet. Distriktssenteret er ein god sparringspartnar og har bidrege med verdifull kunnskap om erfaringar frå andre stader og kva som virke. Distriktssenteret har solid fag- og prosesskompetanse, dei kjenner kommunane godt og har gitt oss konkrete innspel til kven vi bør involvera undervegs i utviklingsarbeidet. Råda frå Distriktssenteret har vore svært nyttige og heilt avgjerande for den gode starten prosjektet har fått.*

*Vi hadde ikkje kome dit vi er i dag utan samarbeidet med dykk. I saksutgreiinga skriv fylkeskommunen at dei meiner prosjektet er godt og at det tek tak i problemstillingar som er viktige for mange distriktskommunar.*

Karina Nerland, dagleg leiar Sogn regionråd

### **Nokre produkt**

Ei rekke av tre webinar *Grøne reiser i småbyar og tettstadar.*

For å bygge livskraftige lokalsamfunn i heile landet, må også småstadane fremje grønne reiser. Grønne reiser handlar om å auke delen reiser, og deler av reiser, tatt med kollektiv, sykkel, spark, eller til fots. Gjennomført på ein gode måte, kan stader som legg til rette for grønne reiser bli meir attraktive og berekraftige.



## **Våre tydelege råd til nasjonale myndigheiter blir brukt i politikktutforming**

Vi har følgd opp intensjonane om tettare samarbeid mellom vår utredningsgruppe og regionalpolitisk avdeling og planavdelinga i kommunal- og moderniseringsdepartementet. Vi deltok via videokonferanse på avdelingsmøte i regionalpolitisk avdeling. I september var vi på fysisk besøk hos planavdelinga og deltok på avdelingsmøte der, samt møte om kunnskapsdeling og kunnskapsamarbeid framover.

I 2019 har vi bidratt med innspel til litteraturlister, forslag til og tekst om kommuneeksempel, samarbeid om møtearenaer og liknande til fleire prosjekt i KMD: distriktsmelding, innovasjonsmelding, nordområdemelding, distriktsnæringsutvalet og demografiutvalet.

Vi følger aktivt opp kommunal- og moderniseringsministeren si målsetting om samlokalisering av mindre avdelingar av statlege verksemder i same bu- og arbeidsmarknadsregion. Avdelinga i Alstahaug har vore pådrivar for at statlege og regionale etatar i Sandnessjøen har inngått intensjonsavtale om samlokalisering.

Distriktssenteret sine rapportar og formidlingsprodukt har ofte fleire moglege bruksmåtar. På den eine sidan gir dei kommunane, fylkeskommunane og andre utviklingsaktørar påfyll av oppdatert kunnskap og eksempel til læring og inspirasjon. På den andre sida gir dei nasjonale styremakter oppdatert kunnskap om korleis ulike verkemiddel blir brukt og kva effekt dei har i kommunane. Både KMD og andre nasjonale aktørar etterspør også kunnskapen frå historiene om kva som skjer i kommunane. Det finner dei både i rapportar, på nettsidene våre, i temahefte og i filmar vi har laga.

## **Merkur-programmet**



**MERKUR**  
FOR BUTIKKEN OG BYGDA



### **Kompetanse for betre butikk- og bygdeutvikling**

#### **Resultat**

Vi har bidratt til at daglegvarekjøpmenn og bokhandlar i Distrikts-Norge har fått større kompetanse på butikkdrift og på samspelet mellom bygda og butikken.

Vi har kopla saman butikkar og kommunar slik at dei kan samarbeide om lokal samfunnsutvikling, til beste for både innbyggerane og kommunen.

Vi har deltatt aktivt i omstillings-prosjekt for å sikre nedleggingstruga butikkar eller hjelpe lokalsamfunn til å få på plass ein ny butikk dersom den gamle butikken har blitt lagt ned.

Vi har lagt til rette for at kjøpmenn har fått dele erfaringar og lære av kvarandre.

Vi har kopla erfaringsbasert og forskingsbasert kunnskap frå Merkur-programmet og Distriktssenteret.

Vi har vore med på bevisstgjere kundar og lokalsamfunn om kor viktig det er å handle lokalt, for at butikken skal overleve.

Vi har oppdatert kunnskap om Merkur-butikkane si oppleving av kompetanseprogrammet. Brukarundersøkinga frå Høgskulen i Volda<sup>18</sup> stadfester at det årlege konsulentbesøket i butikkane er høgt verdsett, og er ein viktig kanal for påfyll av kunnskap hos kjøpmennene. I tillegg viser undersøkinga at nokre av bokhandlarane ønsker at Merkur-konsulenten får meir kunnskap om drift av bokhandel. Interesse for å bli involvert i utviklingsprosjekt er stor både i butikkar og bokhandlarar.

<sup>18</sup> Drivarundersøkingar Merkur-butikkar og Merkur-bokhandlarar, Høgskulen i Volda (2019)

Undersøkinga viser også at det er stor interesse for å utvikle sosiale møteplassar. For kommunen er dette ein viktig del av samfunnsutviklingsarbeidet. Sosiale møteplassar bidrar til at tilflyttarar blir kjent med lokalbefolkninga og utviklar stadtilhøyrse, noko som førebyggjer vidareflytting. Sosiale møteplassar er dessutan viktig for alle innbyggjarar, og bidrar til trivsel og betre folkehelse.

Vi har starta planlegging av nasjonal Merkur-konferanse i Trondheim hausten 2020. Merkurs 25 års-jubileum eit godt høve til å samle Merkur-butikkar, distriktkommunar og andre som er opptatt av butikk- og bygdeutvikling til å sjå framover og drøfte korleis vi møter nye utfordringar.

Styret for Merkur-programmet starta pilotprosjektet «Ny teknologi kan styrke Merkur – butikkene». Vi har gjennom den første fasen i prosjektet lagt vekt på å ha nær dialog med dei enkelte matvarekjedane for å forankre prosjektet.

### Nokre produkt

585 daglegvarebutikkar er registrert som Merkur-butikkar pr. 31.12.2019, like mange som ved inngangen til året. Det har vore berre små variasjonar i talet på butikkar pr. fylke.

10 Merkur-konsulentar har gjennomført butikkbesøk og elles følgt opp butikkane i samsvar med sine kontraktar.

9 hovudprogram har vore i gang i 2019, i følgjande regionar:

- Finnmark
- Troms
- Nordland
- Midt-Norge
- Sogn og Fjordane/Sunnmøre
- Hedmark
- Austlandet Sør
- Hordaland
- Rogaland (Merkur Bok)

Fire av programma starta i 2018 og vart fullført i 2019. Fem program starta i 2019 og blir fullført i løpet av første halvår 2020. 95 daglegvarekjøpmenn og 8 bokhandlar har på denne måten fått tilbod om kompetanse-heving gjennom grunnleggande opplæring i butikkdrift og sampelet mellom butikken og lokalsamfunnet.

Det er gjennomført 10 regionale Merkur-konferansar på følgjande stader:

- Bodø
- Tromsø
- Flesberg
- Trondheim
- Ullensvang
- Brummunddal
- Namdalen
- Kristiansand
- Førde
- Bergen

394 kjøpmenn har deltatt på konferansane, mot 300 i 2018. Konferansane er eit viktig verktøy for fagleg utvikling og nettverks-bygging for kjøpmenn som elles har lite kontakt med kollegaer.

På fire av konferansane har det vore lagt opp til felles arbeidsverkstad for kjøpmenn og representantar frå kommunane (ordførarar, rådmenn eller næringsssjefar). 44 kommunar har deltatt på Merkur-konferansar i 2019. Aldri tidlegare har så mange kommunar vore engasjert i arbeidet.

Det er aukande etterspørsel etter midlar frå omstillingsordninga, der konsulenten yter litt meir omfattande hjelp til butikkar eller lokalsamfunn i krise. I 2019 vart det tildelt 3,0 mill. kr til omstillingstiltak, mot 2,0 mill. kr i 2018 og 2,6 mill. kr i 2017.

Vi har saman med butikkane gjennomført ein landsomfattande haldningskampanje for lokal handel; «Handle lokalt -velg nærbutikken». 385 butikkar deltok i kampanjen, mot 400 i 2018.

### Merkur Bok

56 bokhandlar er registrert som Merkur-bokhandlar pr. 31.12.2019, tre fleire enn året før. Det er grunn til å tru at det reelle talet er noko lågare. Det er sett i gang ein gjennomgang av registeret for å kvalitetssikre tala.

For første gong på ti år det sett gang eit nytt hovudprogram for bokhandlar. Programmet blir gjennomført på Sørvestlandet, med tre samlingar for 8 deltakarar.

Bokhandlane blir følgt opp på same måte som daglegvarebutikane, med konsulentbesøk, omstillingstiltak og generell bedriftsrådgjeving.

## Økonomisk støtte som gir grunnlag for butikkvekst

### Resultat

Vi har sikra tilgang til grunnleggande private tenester i område med få innbyggjarar ved å gi støtte til investeringar og ulike former for utviklingstiltak.

Tilskota har gjort det mogleg for butikkdrivarar å modernisere og utvikle marginale daglegvarebutikkar slik at butikkane har blitt meir attraktive for kundane, meir konkurransedyktige og meir berekraftige.

Vi har vore med på sikre at dei aller minste og mest utsette nærbutikkane overlever ved å tilby ei ordning der desse butikkane får betaling for den service dei gir til fastbuande, tilreisande og lokalt næringsliv<sup>19</sup>.

Vi har bidratt til at bokhandlar i små lokalsamfunn får utvikle seg som ein sosial og kulturell møteplass.

Støtteordningar, kompetanseheving og bedriftsrådgeving har bidratt til at Merkur-butikkane fekk ein vekst i omsetninga på 2,9 prosent i 2018, som er dei siste offisielle tala vi har frå SSB og IBA<sup>20</sup>. Bygdebutikkar som ikkje deltar i Merkur, fekk til samanlikning ein vekst på 2,3 prosent. Omsetningsveksten for alle landets daglegvarebutikkar var på 3,2 prosent. Gjennomsnittsomsetninga for Merkur-butikkane var på 9,4 mill. kr i 2018, eks. moms. Dette omsetningstalet omfattar både sal av daglegvarer og ulike tilleggsinntekter som butikken har. Bygdebutikkar utanfor Merkur hadde ei gjennomsnittsomsetning på 13,3 mill. kr.

### Generelt om støtteordningane

222 butikkar i 137 kommunar har fått økonomisk støtte gjennom dei tilskotsordningane i Merkur-programmet. Til saman er det fordelt 52,4 mill. kr på fem støtteordningar og innvilga 310 søknader. Etterspørselen etter støttemidlar har aldri vore så stor som i 2019. Til samanlikning vart det formidla

34,4 mill. kr til 171 butikkar i 2018, fordelt på 228 tilsegn. Talet på tilsegner auka med 35 prosent, talet på butikkar som fekk støtte auka med 30 prosent – og totalt støttebeløp auka med 52 prosent. Distriktssenteret måtte sette inn ekstra ressursar for å ta imot den store søknadsauken som kom på hausten.

Ramma for støttemidlar var brukt opp tidleg i desember. Merkur fekk i utgangspunktet ei løyving på 43,4 mill. kr over statsbudsjettet for 2019. I tillegg har vi disponert 7,8 mill. kr i form av tilbakeførde midlar frå avslutta prosjekt i 2017-18, og 1,4 mill. kr frå avslutta prosjekt i 2019.

Hovudårsaka til den rekordstore etterspørselen etter støttemidlar var endringane i regelverket for støtte som vart vedtatt av KMD i august. Distriktssenteret tok initiativ til endringar i Merkur-forskrifta<sup>21</sup>. Innføring av ny forskrift gjorde at fleire butikkar vart omfatta av ei eller fleire støtteordningar, samtidig som maksimalt tilskot i ordninga med investeringsstøtte vart auka frå 400 000 til 600 000 kr pr. år.

Distriktssenteret har hatt ein restriktiv praksis for «særskilde vurderingar for butikkar som har mellom 5 og 10 km avstand til næraste alternative innkjøpsstad». Dei aller fleste søknadene om unntak frå hovudregelen om 10 km avstand, har blitt avslått. Dette har resultert i forholdsvis mange ankesaker. Mange kjøpmenn som fekk investeringsstøtte som «unntakssaker» i perioden 2013-2016, forstår ikkje kvifor dei ikkje kan få tilsvarande støtte i dag, når det igjen er opna for bruk av skjønn i støttesaker.

52 søknader har blitt avslått. Åtte søknader og 16 ankesaker har vore til behandling i styret. Styret har innvilga fire av søknadene og to av ankane. Åtte av styrevedtaka har blitt anka til KMD. To saker som handla om manglande aksept, har blitt imøtekome av departementet, fem ankesaker er avvist og ei sak er under behandling.

Vi får framleis tilbakemelding frå brukarane om at søkjeportalen regionalforvaltning.no er krevjande å bruke. Framleis er det slik at mange av

<sup>19</sup> <https://www.merkur-programmet.no/service>

<sup>20</sup> Institutt for bransjeanalyser (2019): Analyse av Merkurbutikkens omsetning 2018.

<sup>21</sup> <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2018-05-23-748?q=merkur>

søknadene er så mangelfulle at dei må sendast tilbake opptil fleire gonger før dei kan bli behandla. Dette medfører myke ekstraarbeid både for søkjaren og for våre sakshandsamarar. Merkurs erfarne sakshandsamar i støttesaker har siste året hatt fast plass i det landsdekkande brukarrådet for regionalforvaltning.no. Dette gjer det lettare å arbeidet for forenkling og forbetring av portalen.

Distriktssenteret har sett i gang eit klarspråk-arbeid for å gjere det lettare for søkjarane å forstå korleis dei skal fylle ut ein søknad og få utbetalt støtte. Alle brev og standard-e-postar som blir brukt i søknadsprosessen, har blitt gjennomgått og blitt forbetra. Det er også sett i gang ein grundig gjennomgang av informasjonen om støttesøknader som ligg på Merkurs nettside.

### **Investeringsstøtte**

Det er gitt 201 tilsegn om investeringsstøtte til nærbutikkar. Til saman er det fordelt 36,4 mill. kr i 2019, mot 25,0 mill. kr i 2018. Gjennomsnitt pr. tilsegn er 181 000 kr. Det har vore størst vekst i gruppa med butikkar som har mellom 8 og 13 mill. kr i omsetning. Storleiken på prosjekta har auka radikalt, frå 144 000 til 205 000 kr. Dette vitnar om at desse butikkane har ei langt større investeringsevne enn dei minste og mest marginale butikkane.

Sju butikkar har fått investeringsstøtte som unntakssak, etter at den reviderte forskrifta opna for dette.

### **Drivstoffanlegg**

Det er gitt 35 tilsegn om investeringsstøtte til drivstoffanlegg. Til saman er det fordelt 9,5 mill. kr. i 2019, mot 4,3 mill. kr i 2018. Gjennomsnitt pr. tilsegn er 272 000 kr. Etter fleire år med relativt låg etterspørsel etter støtte til drivstoffanlegg, opplevde vi i fjor ein overraskande vekst på over 100 prosent.

### **Servicestøtte**

Det er gitt 59 tilsegn om servicestøtte til små nærbutikkar. Til saman er det fordelt 5,7 mill. kr i 2019, mot 4,1 mill. kr i 2018. Kvart tilsegn er på 100 000 kr. Talet på støttemottakarar auka med 18, etter at forskrifta vart endra slik at butikkar med mellom 3,0 og 4,0 mill. kr i daglegvare-omsetning kan søkje om servicestøtte.

### **Utviklingsstøtte**

Det er gitt 7 tilsegn om utviklingsstøtte til nærbutikkar. Til saman er det fordelt 285 000 kr i 2019, mot 425 000 kr i 2018. Etterspurnaden etter denne støtteordninga har blitt kraftig redusert etter at ordninga med servicestøtte vart lansert i 2017.

### **Bokhandel-støtte**

Det er gitt 8 tilsegn om utviklingsstøtte til bokhandel. Til saman er det fordelt 390 000 kr i 2019, mot 500 000 kr i 2018. Etterspurnaden etter utviklingstøtte til bokhandel var stor då ordninga vart innført i 2017, men har gradvis blitt mindre. Over halvparten (55 prosent) av prosjekta som fekk tilsegn om støtte i 2018, har ikkje blitt realisert og avsette midlar har blitt tilbakeført.

### **Samarbeid mellom kommune og nærbutikk**

#### **Resultat**

Vi har vore med på å bevisstgjere kommunar om nærbutikkens rolle i lokalsamfunnet og korleis butikken kan utgjere ein del av kommunens og lokalsamfunnets utviklingskapasitet.

Vi har kopla nærbutikkar og kommunar tettare saman gjennom dialogmøte, etablering av serviceavtalar og andre former for forpliktande samarbeid.

Vi har gjort kommunar merksame på det handlingsrommet dei har når det gjeld å leggje til rette for at lokale bedrifter kan få delta i anbodskonkurransar.

#### **Nokre produkt**

Vi har invitert ordførarar, rådmenn og næringssefjar til Merkurs regionale konferansar for å delta på arbeidsverkstad saman med kjøpmenn frå dei same kommunar. På denne måten har vi lagt til rette for at kommunane og nærbutikkane kan samarbeide både om lokal samfunnsutvikling og betre tenester for innbyggjarane.

Vi har samarbeidd og gitt råd til distriktskommunar om korleis dei kan gjennomføre anbudsprosessar på ein slik måte at for eksempel nærbutikkar kan delta og ha sjanse til å vinne konkurransar om levering av



daglegvarer til lokale skular og barnehagar. Vi har også publisert ein kronikk i Kommunal Rapport som informerer om korleis offentlege anbod kan vere ein reiskap for lokal samfunnsutvikling.

Vi har sett i gang arbeid med å lage eit læringshefte om samarbeid mellom kommune og nærbutikk, der erfaringane frå prosjektet «Kommunen og nærbutikken» får ein stor plass. I dette heftet blir kunnskap frå Distriktssenteret og kunnskap frå Merkur-programmet kopla slik at kommunane kan få større forståing for den rolla som nærbutikken kan spele som servicesenter og utviklingsaktør. Det blir også lagt vekt på å løfte fram gode eksempel på samarbeidstiltak frå kommunar over heile Norge. Læringsheftet blir utgitt i februar 2020 og vil blant anna bli sendt ut til alle kommunar som har Merkur-butikkar.

### **Kommunen og nærbutikken**

Vi har gjennomført og avslutta eit toårig pilotprosjekt der 7 kommunar og 14 butikkar i Sogn og Fjordane har prøvd ut nye samarbeidsformer og etablert forpliktande avtalar. Målsettinga med «Kommunen og nærbutikken» var å få til tettare samarbeid mellom kommunar og nærbutikkar slik at butikken kunne få ei rolle som kommunens forlengta arm i lokalsamfunnet.

I følgje NORCE, som har gått gjennom prosjektet for å trekke ut lærdommar og resultat, har prosjektet medverka til at nærbutikken har styrkt sin posisjon som lokalt servicesenter ved at fleire og nye tenester er lagt dit. Butikken som sosial arena er styrkt. Prosjektet har stimulert til lokalt utviklingsarbeid ved at butikkane har fått ei entreprenøriell rolle i lokale nettverk. Butikken har blitt ein tydelegare aktør både i nærmiljøet og for kommunen. Til sist har det blitt etablert formelle samarbeidsavtalar mellom butikk og kommune i seks av dei sju kommunane og for 12 av dei 14 butikkane. Det betyr at prosjektet i all hovudsak har oppnådd sine prosjektmål.

Distriktssenteret er godt fornøgd med resultatet av kommune-prosjektet. Det kan vere naudsynt med eit mindre oppfølgingsprosjekt i same region første halvår 2020 for å sikre at samarbeidsavtalar

med kommunane blir vidareført og følgt opp når avtalane går ut på dato. Det er målsetting at kommunane skal få eit større eigarforhold til butikkavtalane, slik at kommunane kan overta den pådrivarrolla som Merkur-konsulentane har hatt i prosjektet.

Distriktssenteret vil følgje opp dette prosjektet ved å trekke dei gode erfaringane med kommune-samarbeid inn i revisjonen av hovudprogrammet for Merkur. Konsulentane vil få midlar gjennom omstillingsordninga for å kunne arbeide med å etablere liknande samarbeidsavtalar mellom kommune og butikk andre stader i landet. Distriktssenteret vil også bruke heile nettverket vårt til å formidle kunnskap til kommunane om kva dei kan oppnå ved å samarbeide med nærbutikkane sine.

### ***Vi er ein framtidsretta kunnskapsorganisasjon med nøgde brukarar og tilsette***

#### **Brukarar og samarbeidspartar**

På ulike måtar har vi jamleg kontakt med brukarane våre i kommunane og samarbeidspartane våre i fylkeskommunar og andre etatar. Vi er opptatt av å finne gode måtar å nå fram med kunnskapen vår slik at den blir tatt i bruk ute i kommunane.

I TFOU si brukarundersøking<sup>22</sup> kjem det fram at tenestene våre heng saman og utfyller kvarandre, til dømes kunnskapsinnhenting, rettleiing og tilrettelegging. Dei konkrete eksempla vi fortel om, vert i størst grad trekt fram som god læringskjelde for kommunane.

Fylkeskommunane peiker på at vi bidreg med bistand til prosess på alle nivå av forvaltninga. Dei trekk og særleg fram vår kunnskap og erfaring om arenaer for formidling – blant anna knytt til seminar, kurs og prosessplanlegging.

Samstundes kjem det fram at kontakt mellom fylkeskommunane og oss er personavhengig. Framover må vi arbeide for å få fleire kontaktpunkt i kvar fylkeskommune, og vi må bli

<sup>22</sup> [Brukerundersøkelse Distriktssenteret 2019, TFOU](#)

meir synlege for fleire tilsette og avdelingar i fylkeskommunane.

I 2019 har vi arrangert eit eller fleire webinar på dei fleste fagområda våre. Ein liten del av dei brukarane som deltok i TFoU si brukarundersøkinga, hadde deltatt på webinar. Dei var udelt positive til webinar, og vi trur det er potensiale for å gjere meir av dette. I evalueringa av enkelte webinar er vi oppmoda om å halde fram med denne formidlingsforma.

#### Meir om webinar

I 2019 har Distriktssenteret halde ni webinar med til saman 334 deltakarar (av til 383 påmelde). 50-90 prosent av deltakarane ser heile webinarret. I tillegg er alle webinar tilgjengelege i opptak.

Eit webinar er kort seminar der det er mogleg å ha innleiarar og å svare på spørsmål via nettet. Det er ikkje nødvendig med reise, og det er mogleg å sende eller delta på eit webinar frå nær sagt kor som helst. Resultatet er vesentleg reduserte kostnader både som arrangør og deltakarar. I tillegg får vi ein miljøgevinst. Det blir lågare terskel både for å arrangere og delta.

#### Eigen organisasjon

Distriktssenteret legg vekt på å vere *ein* organisasjon sjølv om vi har avdelingar i Steinkjer, Sogndal og Alstahaug. Det har vore viktig for oss å inkludere dei nye medarbeidarane som var med i verksemdsoverdraginga av Merkur-programmet i organisasjonen, slik at dei også er ein del av *heile* Distriktssenteret. Mykje av arbeidet vårt er lagt opp som samarbeid mellom medarbeidarar på fleire avdelingar. For at samarbeidet skal fungere godt, legg vi vekt på:

- Å ha gode tekniske løysningar for samhandling og kommunikasjon.
- Å ha kultur for å dele kunnskap og dokumenter vi jobbar med
- Å treffast fysisk, med både faglege og sosiale aktivitetar.

Kvart andre år gjennomfører vi Difi si medarbeidarundersøking. I 2019 har vi vesentleg høgare skår enn dei andre verksemdene i staten på spørsmåla om å utnytte potensialet i digitale

løysingar og verktøy. Vi skårar også høgare enn dei andre når det gjeld å arbeide systematisk for eit godt arbeidsmiljø og leggje til rette for eit godt fysisk arbeidsmiljø. Det er interessant å sjå at avdeling Steinkjer, som flytta inn i nye lokale med ope kontorlandskap, skårar høgast av alle avdelingane. Skåren er også vesentleg høgare enn for to år sidan.

Eit lågt sjukefråvær viser og at vi lykkast med å skape eit godt arbeidsmiljø. Som liten organisasjon viser enkeltfråvær godt på statistikken, og i 2019 var sjukefråværet høgt samanlikna med normalen vår, med 4,7 %.

#### Lokale

Distriktssenteret si avdeling på Steinkjer flytta i august inn i InnoCamp, som er eit unikt fagleg og tverrfagleg fellesskap der det er tett samspel mellom utdanning, forskning og næringsliv. Nær 40 verksemdar er samla i nybygde lokaler saman med Nord universitet, forskingsmiljø, utviklingsmiljø, kreative verksemdar og offentlege aktørar. Distriktssenteret har opplevd eit fagleg og arbeidsmiljømessig løft gjennom samlokaliseringa.



Avdelinga i Sandnessjøen leiger lokale i Alstahaug rådhus. Vi har vore pådrivar i eit prosjekt som tek sikte på å samlokalisere statlege etatar, lokale og regionale utviklingsaktørar i eit sterkare og meir synleg kompetansmiljø. Det gjer vi for å bli del av eit tverrfagleg kompetansmiljø som kan dele kunnskap og erfaringar med kvarandre. Samtidig vil vi få eit større og meir attraktivt arbeidsmiljø. Statsbygg er ein viktig samarbeidspart i å realisere prosjektet.

I Sogndal er avdelinga vår framleis ein del av Campus Sogndal, som også er ei samlokalisering av forskning-, innovasjons-, utdanningsmiljø og ei lang rekkje ulike verksemdar. Her er det læring å hente frå tenkinga i andre klynger, når det gjeld utnytting av faglege og arbeidsmiljømessige vinstar.

## Verktøy

Videokonferanse er eit av fleire viktige verktøy for å kunne fungere effektivt saman på tre ulike stader. Vi bruker Skype for Business som klient hos den enkelte kombinert med videokonferanseutstyr. Dette er avgjerande for samhandlinga mellom avdelingane, og bruken er svært høg. Leiargruppa i Distriktssenteret vurderer videokonferanse til å være eit godt verktøy for å kunne samarbeide effektivt mellom tre avdelingar og halde reiseaktiviteten nede. Det er også nyttig for kontakten med og mellom dei ti Merkur-konsulentane. I 2019 var videokonferanseutstyret vårt i bruk i snitt 5,2 gonger kvar dag, brukstida er i snitt 26 minutt. I tillegg kjem samhandling på video der alle deltakarane deltek frå Skype for business eller Teams. Ein stor del av desse møtepunktane er arbeidsøkter, ikkje tradisjonelle møte.

Vi har også mykje samhandling gjennom samskriving og andre verktøy i Microsoft sin Office 365-plattform. Vi veit at Microsoft kjem til å flytte kundane sine over til Teams i staden for Skype for Business, og har i 2019 budd oss ved å teste ut Teams i enkelte arbeidsgrupper, både internt og mot eksterne samarbeidspartar. Våren 2020 vil vi erstatte Skype for business med Teams – og er i gang med eit prosjekt for å få omlegginga til å gjere arbeidsmåtene våre betre.

Distriktssenteret har ikkje interne IT-ressursar, men kjøper alle slike tenester. Vi har hatt avtale med Atea om drift av IT-systema våre sidan mars 2016. Etter anbudsrunde overtok Adcom driftsansvaret frå august 2019. Alle leveransar frå dei byggjer på Microsoft sine skyløysingar og skybaserte støtteverktøy frå enkelte andre leverandørar.

## Ressursbruk

For 2019 fekk vi ein vesentleg auke i løyvinga sidan vi overtok forvaltninga av Merkur-programmet. Samla tildeling er kr 92 837 000, med kr 33 129 000 til Distriktssenteret og kr 59 708 000 til Merkur-programmet. Distriktssenteret sitt budsjett auka med ca. 4 millionar som følgje av at vi gjennom verksemdsoverdraging tok over 3 tilsette som arbeidde med Merkur-programmet medan det blei administrert av Mentor AS. I tillegg blei

budsjettet styrka med midlar til dekking av utgifter til styret for Merkur-programmet.

## Distriktssenteret (kap/post 554.01)

Utbetaling til drift (utanom løn) i 2019 var 9,4 millionar kroner. Dette er same beløp som i 2018. Ein av dei store postane er *Kjøp av tenester til løpande driftsoppgåver, IKT*, som var på 1,1 millionar kroner. Dette er nesten 100 000 mindre enn året før. Nedgangen kjem først og fremst på grunn av ny avtale om levering av IT-tenester. I samband med flytting til InnoCamp blei det investert i nytt videokonferanseutstyr slik at det no er to møterom med komplett videokonferanseutstyr på Steinkjer. Utstyret på det eine rommet kan også brukast ved produksjon av webinar.

Vi brukte 1.5 millionar på kjøp av utgreiingar. Dette er ½ million mindre enn budsjett, men som det går fram av [utgreiingsoversikten](#), er mange oppdrag med betalingsforplikting i 2020 (og 2021) starta opp utan at det har vore utbetalingar på disse i 2019. Det er viktig for både kunnskapsutvikling, formidling og rettleiing at vi har nok midlar til å bestille små og store utgreiingar og at vi med det er trygge på at vår kunnskap er faktabasert.

Distriktssenteret er ei lita verksemd som kjøper tenester og kompetanse det ikkje er fornuftig å ha i egen regi. På posten *Kjøp av andre framande tenester* brukte vi 1,16 millionar i 2019. Det er 300 000 meir enn i 2018. Auken er knytt til arbeid vi har med klarspråk-gjennomgang av utgåande brev om tilskot frå Merkur og brukarundersøking på merkur-programmet.no.

## Merkur-programmet, kap/post 0550, 73

Av den tildelte ramma på 59 708 000 fordelte styret i Merkur 16 308 000 til kompetanseprogrammet og kr 43 400 000 til støtteordningane.

Sjå meir om fordelinga mellom støtteordningane under overskrifta [Økonomisk støtte som gir grunnlag for butikkvekst](#)

Utfyllande omtale av den økonomiske situasjonen er presentert i [del VI – Årsregnskap](#).

## **Andre oppdrag i tildelingsbrevet**

### **Attraktiv by**

Kommunalminister Monica Mæland delte ut Statens pris for berekraftig by- og stadutvikling til Bergen i juni. 192 nominasjonar kom inn i årets nominasjonsrunde.

Bergen, Voss og Moss var finalistar. Vi arrangerte webinar i Voss om korleis den nye kommunen kan bruke frivillig sektor i arbeidet med samfunnsutvikling. Vi skal følge opp korleis Voss tar anbefalingane og spørsmåla frå juryen med seg i sitt vidare arbeid. Forum for kommunale planleggjarar hadde studietur til Voss i oktober, med prisen som tema.

### **Flytting av Merkur-programmet til Distriktsenteret**

Vi har bidratt til at styret, Merkur-konsulentar og Distriktsenteret har blitt betre kjent med kvarandre, blant anna gjennom felles studietur til Sunnfjord-kysten. Tema for studieturen var samarbeid mellom kommune, butikk og lokalsamfunn. Slike turar bidrar til å bygge tillit mellom styret og Distriktsenteret, og mellom Merkur-konsulentar og Distriktsenteret. Av same grunn har vi gjennomført fellessamling for Merkur-konsulentane og alle tilsette i Distriktsenteret.

Effekten av auka budsjett og justering av regelverket, er fleire søknader. For å redusere talet søknader som vi må sende i retur på grunn av manglar, har vi mellom anna starta klarspråksgjennomgang av skriftleg informasjon som blir sendt frå Merkur. Vi er også i gang med å vidareutvikle nettsida til Merkur, slik at butikkane skal finne god rettleiing til søknadsprosessen. Auka søknadsmengd er også grunnen til at vi har tilsett sakshandsamar for Merkur-programmet i nyoppretta stilling ved avdelinga i Alstahaug. I tillegg har vi styrka kapasiteten ved å leige inn ekstrarhjelp tilsvarande 10%.

### **Fellesføring om inkluderingsdugnad**

Distriktsenteret har så få tilsette og i snitt ei tilsetning pr år. Det gjer at det ikkje er mogleg å rapportere årleg på femprosentmålet i

inkluderingsdugnaden. Vi hadde tre nytilsetjingar frå 1.1.2019, men desse var knytt til verksemdsoverdraginga når Distriktsenteret overtok forvaltninga av Merkur-programmet frå Mentor AS. Vi søker å tilby personar som står utafør arbeidslivet eller har hol i CVen arbeidsmoglegheiter gjennom avgrensa engasjement, språkpraksis, praksisplass for studentar og liknande. Det er utfordrande å nå måla i dugnaden når tilsetjingsreglementet ikkje gjer det mogleg å tilby fast tilsetjing til ein medarbeidar som t.d. har hatt praksisplass utan at denne konkurrerer med andre i ei open utlysing.

### **Fellesføring om å motvirke arbeidslivskriminalitet**

For å motvirke arbeidslivskriminalitet, stiller vi krav i alle kontraktar at leverandørens tilsette og evt. underleverandørar skal ha lønns- og arbeidsvilkår i samsvar med tariff for den aktuelle bransjen.

### **Indikatorar for resultat- og effektmålingar**

Den planlagde dialogen om meir overordna rapportering og styringsdialog vart i hovudsak teke opp mellom Kommunal- og moderniseringsdepartementet hausten 2019. Dialogen har ikkje gitt resultat som gjer det mogleg å gjere omfattande endringar i årets årsrapport. Gjennom årsrapporten er dialogen likevel spegla i måten vi endå tydelegare rapporterer om resultat og produkt.

### **Arbeid med informasjonssikkerheit**

Informasjonstryggleik er hovudsakleg knytt til det første av tre mål i Distriktsenterets IT-strategi frå 2018: *Distriktsenteret skal ha IT-løysingar som legg til rette for trygg og lett tilgjengeleg samhandling, deling og attfinning av kunnskap og data*<sup>23</sup>. I tillegg er datasikkerheit tema i beredskapsplanen. Vi har ikkje interne IT-ressursar, og informasjonssikkerheit er ein del av avtaleverket med alle leverandørar. Vi har databehandlaravtalar med dei fleste leverandørane våre, medan nokre skytenester er levert utelukkande etter leverandørane sine standardvilkår. Både databehandlaravtalar og standardvilkår blir kontrollerte av

<sup>23</sup> It-strategi 2018



personvernombodet. Personvern og informasjonstryggleik er to sider av same sak, og vi har avtale med Atea AS om kjøp av personvernombod. Han kontrollerer også at vi følgjer opp rutinane i internkontrollen på dette området.

### **Utgreiingar og kunnskapsutvikling, ferdige eller starta i 2019**

#### **Innbyggermedvirkning i sammenslåtte kommuner**

Rapport. Ruralis.

Rapporten gir ny kunnskap om innbyggjarane si oppfatning av ordningar for innbyggjarmedverknad i fire samanslåtte kommunar: Bodø i Nordland, Kristiansund og Aure i Møre og Romsdal, og Vindafjord i Rogaland. Den var siste del av et fleirdelt oppdrag i 2018-2019 knytt til politisk organisering, nærdemokratifunksjonar og innbyggjarmedverknad i samanslåtte kommunar.

#### **Kommunen som næringsutvikler i 2030**

Fire notat frå Menon Economics, Ruralis, Nord universitet og Telemarksforsking.

Distriktssenteret inviterte fire forskingsmiljø til å peike på moglegheiter og utfordringar som kan opne seg i kommunanes arbeid med næringsutvikling. Kva kjenneteiknar den gode næringsutviklingskommunen i 2030? Korleis bør distriktskommunar jobbe i dag og framover med å utvikle rollene som forvaltar, tenesteproducent og entreprenør?

#### **Governance challenges in the Attractive Nordic towns**

Rapport. Distriktssenteret.

Distriktssenteret har kartlagt kva styringsutfordringar små og mellomstore byar opplever i arbeidet med å utvikle berekraftige og attraktive byar, og kva strategiar dei brukar for å møte og løyse utfordringane. Rapporten er basert på ei spørjeundersøking blant deltakarane i det nordiske prosjektet «Attractive towns. Green redevelopment and competitiveness in Nordic urban regions» (2017-2019).

#### **Hvordan brukes befolkningsprognoser?**

Rapport. Trøndelag forsking og utvikling.

Rapporten presenterer korleis eit utval kommunar og fylkeskommunar bruker Telemarksforsking sine analysar og prognoser for befolkningsutvikling. Dette er nyttig kunnskap til kommunane. Dei får innsikt i kor stort handlingsrom dei har og kva som kan vere tiltak på ulike område

#### **Distriktskommune 3.0**

FoU-prosjekt 2019-2022

Ruralis har fått i oppdrag å følgjeforske lærings- og kunnskapsutviklingsprosjektet «Distriktskommune 3.0», som er et samarbeid mellom Distriktssenteret, Trøndelag fylkeskommune og Nordland fylkeskommune. Målet med prosjektet er å utvikle kunnskapen om korleis ein kan forenkle samfunnsplanlegginga i små kommunar, og korleis små kommunar i større grad kan bli i stand til å nå sine mål.

#### **Innvandring, inkludering, sysselsetting og lokal utvikling**

Temahefte. Distriktssenteret.



Fleire kommunar har tatt gode grep for at innvandrarak skal bli ein ressurs i samfunns- og arbeidsliv. Gjennom eksempel og fagtekster gir heftet kunnskapspåfyll og inspirasjon til kommunar som ønskjer å bruke andre kommunar sine erfaringar, og bruke desse i eige utviklingsarbeid.

Heftet er ei revidert og oppdatert utgåve av temaheftet frå 2017. Det bygger på oppdatert statistikk, forskning og konkrete eksempel.

### **Analyse på kobling mellom deltidsinnbyggere og lokalbutikk**

Notat. Norsk Turistutvikling.

Notatet tar for seg ulike fritidsbustadundersøkingar som er gjennomført i fjelldestinasjonar på Austlandet. Det samanstill data om fritidsbygg og om fritidsbustadeigaranes bruk av lokale handelstilbod og andre lokalsamfunnstilbod, og dermed bidraget til lokal verdiskaping gjennom handel, dugnadsinnsats og lokalt engasjement.

### **Å være ung i Distrikts-Norge**

Notat. Johan Fredrik Rye, NTNU.

Notatet gir ein kunnskapsoversikt med utgangspunkt i nyare norsk forskning om distriktsungdommar. Det presenterer breidda i dei forskningsfaglege tilnærmingane til norsk distriktsungdom dei ti siste åra. Notatet gir også innspel til vidare forskning på feltet.

### **Ung-data. Ung i Distrikts-Norge**

Rapport. OsloMet.

Rapporten ein empirisk analyse av korleis ungdomslivet er i dei minst sentrale områda i Norge, basert på den nasjonale Ungdata-undersøkinga. Svare til ungdomsskuleelevar busett i dei 220 minst sentrale kommunane blir samanlikna med svare frå ungdomsskuleelevar i resten av landet. Dette er ein del av kunnskapsgrunnlaget for Ungdommens distriktspanel. Rapporten er del av et større forskningsprosjekt, som skal analysere funna frå denne første fasen og også se på geografiske variasjoner mellom ulike deler av Distrikts-Norge. Sluttrapport leveres på nyåret i 2021.

### **Nærbutikken - klar til innsats for bygd og kommune**

Rapport. NORCE.

Rapporten tar for seg resultat, erfaringar og læringsverdi frå pilotprosjektet "Kommunen og nærbutikken".

14 nærbutikker og 7 kommunar i Sogn og Fjordane har deltatt i prosjektet, som ble sett i gang av Merkur-programmet med

Distriktsenteret og KS som samarbeidspartnarar i 2017.

### **Kommunen og nærbutikken**

Sluttrapport. Spillum og Mowatt

Formidler innhald i og resultat frå pilotprosjektet Kommunen og nærbutikken. Konsulentane som stod for prosjektet kjem med innspel til framtidig utviklingsarbeid, oppfølging og videreføring av tiltak. Målet med rapporten er å ta fram det som er gjort, kva vi har fått til og erfaringar i arbeidet.

### **Kommunen og nærbutikken**

Temahefte. Distriktsenteret.



## Kommunen og nærbutikken

TEMAHEFTE



Heftet koplår og oppsummerer Distriktsenterets og Merkurs kunnskap og erfaringar om samarbeid mellom kommune og nærbutikk. Her gir vi fagleg bakgrunn og eksempel på koplingane mellom butikk og kommune i t.d. kommunal service, inkludering, bustadutvikling, grendeutvikling, og kommunale innkjøp

### **Drivarundersøkingar Merkur**

Rapportar. Høgskulen i Volda

Spørjeundersøking blant kjøpmenn som driv nærbutikk og bokhandel for å få kunnskapsgrunnlag for arbeidet med revisjon av Merkurs kompetanseprogram. Undersøkingane dokumenterer at bistand frå Merkur-

konsulentane er avgjerande for kjøpmennene sitt arbeid med å utvikle samspelet mellom butikk og bygd og styrke nærbutikkens lønnsemd.

### **Bygdebutikkens økonomi**

Rapport. Institutt for bransjeanalyse

Analyse basert på offentlig tilgjengelege rekneskapsdata for butikkar i Merkur-programmet og for andre bygdebutikker i perioden 2009-2016

### **Brukerundersøkelse Distriktsenteret 2019**

Rapport. Trøndelag forskning og utvikling.

Brukarundersøkinga er gjennomført for å finne ut i kva grad og på kva måte Distriktsenterets arbeid bidrar til at kommunane blir betre samfunnsutviklarar. Undersøkinga er gjennomført blant kommunar i sentralitet 4, 5 og 6, og blant fylkeskommunar. Det er også henta inn synspunkt frå nasjonale samarbeidspartar. Distriktsenteret brukar resultatane i vidareutvikling av arbeidsmåtar og produkt.

### **Distriktskommuner som lykkes godt med næringsutvikling**

Notat. Distriktsenteret.

Noen distriktskommuner evner å skape vekst i det lokale næringsliv. Dette handler om måten kommunane driver sitt utviklingsarbeid på. Det lokale handlingsrommet er større enn det mange distriktskommuner evner å utnytte

Notatet handlar om kommunen sine roller i og handlingsrom for arbeidet med næringsutvikling. Notatet er i hovudsak avgrensa til arbeid med næringsutvikling i den enkelte kommune.

### **Næringslivets betydning for stedsutvikling, boligutvikling og inkludering i distriktskommuner**

Notatet handlar om korleis næringslivet i distriktskommunar påverke og har betydning for lokal samfunnsutvikling i distriktene utover arbeidsplassar og verdiskaping, avgrensa til stadutvikling, bustadutvikling og inkludering av innvandrarar.

### **12 eksempler på distriktskommuner som er gode på næringsutvikling**

Notater. NORCE Alta, Trøndelag Forskning og Utvikling, Oxford Research og Østlandsforskning

har identifisert og skrevet ut 12 (tre hver) kommuneeksempler. Hvilke «grep» er tatt, og hvilke resultatane i næringslivet har dette bidratt til å skape?

### **Attraktivt – for hvem? Hefte om framtidens stedsutvikling**

Hefte. Møre og Romsdal fylkeskommune og Distriktsenteret.

Heftet viser resultat av arbeid med stadutvikling i nokre distriktskommunar, og erfaringar og tilrådingar frå deltakarar på Innovasjonsfestivalen på Åndalsnes i november 2019. Her er eksempel og råd til stadutvikling i distrikta, kopla med nærings- og gründerutvikling.

### **Kva har småkommunene fått ut av Byregionprogrammet?**

Notat. NORCE

Undersøkelsen gir få konkrete eksempel på kva mindre sentrale kommunar har fått igjen i form av endra praksis, haldningar, tenester til næringsliv og frivilligheit for å vere med i Byregionprogrammet. Prosjektleiarane meiner at alle kommunane i sin region har hatt nytte av samarbeidet. Dei trekk fram at samarbeidet har ført til *auka tillit, auka kompetanse og i mange tilfelle auka kapasitet.*

## Del IV - Styring og kontroll

Mål- og resultatstyring er det grunnleggjande styringsprinsippet i staten og dermed også for Distriktssenteret.

Vi vurderer samla måloppnåing som god<sup>24</sup>.

Gjennom fleire år har vi arbeidd med å utvikle og forbetre systemet for heilskapleg styring og kontroll basert på blant anna Direktoratet for økonomistyring (DFØ) sine metodar. I dette arbeidet er vår årlege handlingsplan med tilhøyrande risikoanalyse viktige dokument for styring av aktiviteten.

Intenkontrollen for IT-sikkerheit og personvern byggjer på rettleiarar frå Datatilsynet og Difi.

Verksemdsrekneskapan frå Distriktssenteret er ført etter kontantprinsippet, bruttoprinsippet, eittårsprinsippet og fullstendigheitsprinsippet. Vi bruker standard kontoplan og rapporterer til statsrekneskapan etter statens kontoplan.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har oppdatert *Virksomhets- og økonomiinstruks* pr 1.1.2019 som følgje av overtaking av Merkur-programmet. Våre rutinar følger denne instruksen og vi har internkontrollrutinar i samsvar med DFØs rutinebeskriving for fullservicekundar. Risiko- og vesentlegheitsvurderingar ligg alltid til grunn.

Vi rapporterer om måloppnåing, økonomisk status og andre viktige forhold i styringsmøte i april og oktober. I tillegg har vi egen økonomirapport pr. 30.08. med prognose ut året.

Etter at Distriktssenteret overtok forvaltninga av Merkur-programmet har vi fått ansvar for å følgje opp Merkurs programstyre. Styret vedtar budsjett for midlar tildelt på kap./post 550, post 73 og har det overordna ansvaret for drifta av programmet. Programstyret har hatt følgjande medlemmer i 2019: Inge Ryan, leiar, Gunta Venge, nestleiar, Ingjerd Vestengen, Kjell Arne Bjerklund, Trine Stensen, Gunn Ovesen og Ragnvald Storvoll.

Merkur-styret har hatt seks møte og behandla 74 saker. I samband med første styremøte vart det gjennomført ein omfattande strategi-diskusjon.

Styret gjennomførde ein svært nyttig studietur til Sunnfjord i juni, for å sjå resultata av pilotprosjektet «Kommunen og nærbutikken».

Ved overtakinga av Merkur-programmet frå 1.1.19 fekk vi ansvar for tilskotsforvaltning. Saksbehandlinga for søknader om tilskot frå butikkane skjer i Regionalforvaltning.no (RF). Hausten 2018 investerte vi i utvikling av RF slik at det blei mogleg med heilelektronisk overføring av utbetalingar frå RF til Agresso. Dette har fungert godt. I løpet av 2019 har vi etablert nye kontrollrutinar slik at vi sikrar oss god oversikt over tildelte midlar, inndratte midlar og utbetalte midlar. Vi har også etablert kontrollrutinar for avstemming av utbetalingar.

Riksrevisjonen gjennomfører årleg revisjon av årsregnskapet med tilhøyrande rutinar og fullmakter. Dei siste åra har Riksrevisjonen endra rutinar og har hovuddelen av sitt revisjonsbesøk på hausten i staden for etter at fristen for å korrigere årsregnskapet er ute. Dette gjer at vi i har moglegheit til å rette opp eventuelle feil. Vi opplever også at «haustmøta» gir rom for drøfting av rekneskapsrelaterte problemstillingar. Riksrevisjonen har ikkje funnet avvik eller feil i Distriktssenterets rekneskap.

### IA-avtalen og sjukefråvær


Sjølv om det ikkje lengre er ein IA-avtaleordning med signering av avtaledokument, jobbar Distriktssenteret like aktivt med IA-tenking i det daglege. Vi er blant anna opptatt av eit lavt sjukefråvær. I 2019 hadde vi 26 tilsette og eit sjukefråvær på 4,7 %. Dette er det høgaste sjukefråværet vi har hatt nokon gong, og høgare enn målet vårt på 3 %, men det er under gjennomsnittet i staten. Vi følgjer tett opp arbeidsforhold for å unngå at tilhøve på jobb er årsak til fråvær .

Kvart andre år gjennomfører vi ei medarbeidarundersøking som mellom anna tek for seg arbeidsmiljø. Resultatet frå undersøkinga frå hausten 2019 er svært godt. Distriktssenteret skårar like bra eller betre enn gjennomsnittet i

<sup>24</sup> Se meir om måloppnåing i del III.



staten på *alle* spørsmål. Alle tilsette svarte nei på dei nye spørsmåla om medarbeidarane har opplevd mobbing, trakassering og uønskt seksuell merksemd på jobb. Også ved årets undersøking var svarprosenten på 100, noko som er et svært godt teikn i seg sjølv.



Figur 5 Totalt sjukefravær inkludert eigenmelding, legemeldt fravær, barns sjukdom og anna fravær etter DFØs rapport for sjukefravær.

### Likestilling

Ved utgangen av 2019 var 17 kvinner og 9 menn tilsett i distriktssenteret. Leiargruppa består av to kvinner og tre menn.

## Del V – Vurdering av framtidsutsikter



### Den gode samfunnsutviklingskommunen

God samfunnsutvikling er heilskapleg og langsiktig arbeid med å skape gode stader å bu, besøke og drive næring. Den gode samfunnsutviklingskommunen sørger for at planverket både er oppdatert og blir tatt i bruk. Ved å ta i bruk kommuneorganisasjonen, næringslivet, organisasjonslivet og innbyggerane kjenner og utnyttar kommunen utviklingskapasiteten i heile lokalsamfunnet.

Kommunen har eit stort ansvar for lokaldemokratiet i periodane mellom val. Den må legge til rette for at innbyggerane, næringsliv og organisasjonsliv kan delta i planlegging og samfunnsutvikling. Kommunen skaper arenaer for samarbeid, dialog og medverknad, driv nettverksbygging og etablerer partnerskap både lokalt, regionalt og internasjonalt.

I ein god samfunnsutviklingskommune er det førstelinjeteneste for bedrifter, gründerar, samfunnsentreprenørar og eldsjeler. Kommunen har god oversikt over verkemiddelaktørar og gir rettleiing. Kommunen tek i bruk handlingsrommet sitt til å legge til rette for at lokalt næringsliv kan delta i konkurransar om offentlege oppdrag. Kommunen mobiliserer, utløyser og støtter opp om lokale initiativ frå lokalsamfunna, nærbutikken og andre utviklingsaktørar.

Den gode samfunnsutviklingskommunen legg til rette for å ta vare på miljøet og menneska i kommunen. Arbeid med folkehelse og inkludering av nye innbyggerar er derfor også viktig utviklingsarbeid.

Samfunnsutviklingsrollen handlar også om å tilpasse seg – og navigere i – eit usikkert landskap.

### Grunnleggande private tenester i distrikta

Det er avgjerande for små lokalsamfunn i distrikta å ha tilgang på eit tenestetilbod som gjer det mogleg å bli buande. I tillegg til offentlege tenester som skule, barnehage og omsorg, er det viktig med kort veg til dei private tenestene ein treng i kvardagen. Mange stader er tempoet i bygdesentraliseringa høgt, og bygder blir tappa for funksjonar. Det gjer at butikkane får ei meir aktiv rolle, ikkje berre som tilbydar av varer, men også av tenester på oppdrag frå det offentlege.

Dei veksande demografiske utfordringane vil utfordre mange lokalsamfunn. Då har nærbutikkane eit fortrinn gjennom lokalkunnskap og smådriftsfordeler som set dei i stand til å tene lokalsamfunnet på ein måte som vil bli verdsett i større og større grad.

Å sikre tilgang på grunnleggande private tenester i distrikta har også fleire fortrinn sett med eit berekraftsperspektiv. Lokale leverandørar vil ha positiv miljøeffekt gjennom mindre og meir effektiv transport enn store regionale og nasjonale leverandørar kan klare. Samtidig blir lokalsamfunna meir berekraftige ved å ha næringsliv og arbeidstakarar som bidreg til lokalsamfunnet og kommunen.

### Utfordringar for kommunane

Det er ei utfordring for alle, men særleg for dei små kommunane og kommunar med særlege distriktsutfordringar, å møte alle krava til den gode samfunnsutviklingskommunen. Mange distriktskommunar har både høg verdiskaping og store næringsmessige utviklingsmoglegheiter. Samtidig kan dei vere sårbare fordi dei har for liten kapasitet eller fagkompetanse til å levere samtidig på både tenesteleverandørrollen og samfunnsutviklarrolla.

Med raskare utviklingstakt og krav til aukande spesialisering endrar også kompetansebehova seg fortare. Krava til god leiing, god utviklingskultur, nok tidsressursar og økonomi til utviklingsarbeid i tillegg til lovpålagte oppgåver, kan skape større sprik mellom kommunane. Kommunane med de største utfordringane er ofte dei som også har utfordringar med demografi, sentralisering og avstandsulemper.

Sentraliseringskreftene er sterke, og utviklingsarbeid i distrikta er på mange måtar et motkonjunkturarbeid. Det vil ikkje vere nok å skape arbeidsplassvekst for å oppretthalde busetting. Det er samtidig nødvendig å skape bustadsattraktivitet for å sikre rekruttering til eksisterande og nye arbeidsplassar. Den lokale bygdesentraliseringa er også utfordrande for ein liten kommune. Det som er utfordringa i eit lite lokalsamfunn kan vere usynleg for ein kommuneorganisasjon som har lite merksemd på eller kapasitet til utviklingsrollen.

Framover vil samfunnsutviklingsrolla handle meir om å ha beredskap og kapasitet til å møte endringar. Vi trur at dei som er gode på å utforske løysingar saman med både næringsliv, frivilligheit og omkringinggande kommunar vil være betre rusta til å handtere endringa og finne handlingsrom. Dei gode klarar også å spele på lag med fylkeskommunane i ein meir kraftfull samfunnsutviklarrolle.

Demografi og klimaendringar vil stille sterkare krav til miljømessig, sosial og økonomisk berekraft også på lokalt nivå, men kan også representere nye moglegheiter i Distrikts-Norge.

FNs 17 berekraftsmål er i ferd med å bli eit viktig rammeverk for verdiskaping og samfunnsutvikling i alle kommunar. Det betyr blant anna at klima, miljø, velferd og helse blir viktigare premisser for næringsutvikling, og at sterkare samarbeid på tvers av sektorar blir ei føresetnad for å nå samfunns mål. Det utfordrar mellom anna kommunane til å tenkje nytt i planarbeidet. Ein ny ressurslogikk («kommune 3.0»), der innbyggjarar, næringsliv og frivilligheit er aktive partnerar som er med og utviklar lokalsamfunn i samspel med kommuneorganisasjonen.

Skal distriktskommunar dra nytte av digitaliseringa, må utfordringa med manglande infrastruktur med god kapasitet løysast. All digital utvikling er tufta på at system heng saman på tvers av lokalsamfunn, byar, regionar og land. Det er framleis betydelege ulikskapar i breibands-tilbodet i Norge. Dette er ei særleg distriktsutfordring, fordi det ikkje er kommersielt lønsamt å bygge ut infrastruktur med god kapasitet i spreidbygde område. Det krev både kommunal innsatsvilje og statleg og fylkeskommunalt engasjement og midlar for å komme i mål. Utan

merksemd på utfordringa kan dette gjenta seg med utbygginga av 5G-nettet .

### Distriktscenterets rolle

Samfunnsendingane og kommunanes behov og utfordringar utfordrar oss til å vidareutvikle arbeidet vårt på fleire fagområde. Det kjem heller ikkje i framtida til å være slik at vi kan vente like resultat av like tiltak i alle kommunar. Spesielt etter kommunesamanslåingar og regionreform vil vi ha eit variert kommunelandskap med ulike utfordringar, behov og verkemidlar. Det vil derfor vere bruk for god kunnskapsbygging og erfaringsdeling, innspel om god praksis og gode prosesser og nettverksbygging på tvers av fylkeskommunar og landsdelar.

Distriktscenteret er eit nasjonalt kompetanse-senter og spissa fagmiljø som koplar forskning med praktikarar i lokal samfunnsutvikling. Kommunar som tar i bruk kunnskapen frå Distriktscenteret vil få tilført fag- og prosesskompetanse, som er ein viktig del av kommunens utviklingskapasitet. Det viktigaste bidraget frå Distriktscenteret til kommunane og Merkur-butikkane, er å motivere til ny praksis gjennom deling av kunnskap og erfaringar. Det hjelp ikkje med god kunnskap dersom den ikkje blir brukt.

I mange små samfunn er butikken det einaste attverande tenestetilbodet og fellesinstitusjonen. Både globalt og nasjonalt er varehandelen meir og meir digitalisert og de fysiske butikkane erstatta av netthandel. Det påverkar også handelsnæringa i distrikta. Vi trur det er eit potensiale i å utvikle Merkur-butikkane til «moderne landhandlarar» som kan være med på å sikre tilgang til et breiare spekter av tenester for innbyggjarar og næringsliv, i kombinasjon med bruk av teknologiske løysingar og eigne fortrinn.

I forskingsmiljøa som får oppdrag frå Distriktscenteret blir vi oppfatta som en krevjande oppdragsgjevar med god bestillerkompetanse. Denne må vi utvikle vidare samen med brukarane, slik at kunnskapsbygginga møter kommunane, fylkeskommunane og butikkane sine behov. Det handlar både om å bestille rett kunnskap, utvikle den saman med brukarane, og om å presentere kunnskapen i ein form som det er mogleg å bruke til praktisk samfunnsutviklingsarbeid lokalt og regionalt og i nasjonal politikktutvikling.

Kopling av nasjonal og internasjonal kunnskap og erfaring med framtidstenking vil vere et bidrag til å fornye samfunnsutviklingsarbeidet. Saman med kommunar, fylkeskommunar og forskarar vil vi utforske handlingrom og moglegheiter i lys av drivarar for samfunnsendingar. Vi utfordrar og inviterer butikkar og kommunar på med på å prøve ut samarbeidsformer og teknologi som gir læring til fleire med mål om å trygge butikken sin rolle som lokal tenesteytar og utviklingaktør.

Sjølv om Distriktssenteret har ein nasjonal rolle, er målgruppa i stor grad lokal – i små og mellomstore kommunar i heile landet. For å løyse samfunnsoppdraget om å medverke til at kommunane er gode samfunnsutviklarar og utvikle Merkur-programmet vidare, må vi vere tett nok på, og samtidig ha overblikk og framsyn. Vi må ha innsikt i kva ytre og indre drivkrefter og trendar som former og påverkar samfunnsutviklingsrollen, kva handlingsrom som finst på ulike nivå, og kva konkrete løysingar som finst på lokalt nivå for å styrke utviklingskrafta og handtere endring og usikkerheit.

### **Utfordringar for Distriktssenteret**

At kommunens samfunnsutviklarrolle er i stadig endring, fordi samfunnet endrar seg, utfordrar vår aktualitet og relevans som kunnskapsleverandør og kompetansepartner. Vi må heile tida vurdere kva slags kunnskap som trengs og korleis kunnskapen best kan bli formidla for å bli tatt i bruk. For å være relevante må Distriktssenterets kunnskapsutvikling ligge i forkant av etterspurnaden.

Berekraft vil på ulike måtar bli eit rammeverk for planarbeid og tenesteproduksjon i både kommunar og butikkar framover. Sidan det vil utfordre Distriktssenteret sine brukarar, vil det utfordre oss til å presentere ny kunnskap på måtar der vegen til praktisk bruk av kunnskapen vert så kort som råd. Både butikkar, kommunar og fylkeskommunar vil bli utfordra på å møte samfunnsdrivarar og trenda som vil påverke handlingsrom, raskare endringstakt og knappe

ressursar. Det skapar eit behov for innovasjon. Kunnskap om kva som faktisk fungerer og læring på tvers av nivå og geografi blir endå viktigare – som grunnlag for å navigere, tilpasse og utvikle politikk og praksis.

Vi må i endå større grad spele på lag med fylkeskommunar, kommunar, nasjonale kunnskapsmiljø, butikkjedar og forskingsmiljø som vil gå framom for å utvikle framtidsretta og relevant kunnskap. Det kan bety at vi ikkje berre bestiller kunnskap gjennom forskning, men at vi må vere med på å utvikle den gjennom pilotprosjekt og utprøving. Vi må også velje enkeltområde der vi kan sette spor, både hos kommunane og som premissleverandør til nasjonal politikktutforming.

Internt i Distriktssenteret vil arbeidsform, kommunikasjonsevne, samarbeidsevne og konkurranse om målgruppene si merksemd ha mye å si for om vi løyser samfunnsoppdraget vårt godt framover. Distriktssenterets medarbeidarar må heile tida bruke sin kompetanse og arbeide på nye måtar. Vi må samhandle med og formidle gjennom andre: Fylkeskommunar, kommunar og regionråd, sektorstyremakter og statlege virkemiddelaktørar, FoU-miljø, KS, forskingsmiljø, butikkjedar og andre. Særleg viktig blir det å vidareutvikle samarbeidet med fylkeskommunane i deira rolle som regionale utviklingsaktørar.

Frå 2019 er Merkur-programmet flytta til Distriktssenteret, og med det blir koplinga mellom butikkutvikling og lokal samfunnsutvikling tydelegare. Vi har starta jobben med å løfte fram nærbutikken sin rolle i lokalsamfunnet, slik at den i større grad kan blir sett og tatt i bruk som en del av kommunens utviklingskapasitet. Vidare ser vi eit potensial i å utforske korleis nærbutikken kan bidra til å sikre tilgang til fleire tenester for innbyggjarar og næringsliv i distrikta.

Vi må halde fram med å spørje brukarane om verdien av det vi gjer - og bruke vurderingane og tilbakemeldingane for å betre måten vi jobbar og formidlar forskings- og erfaringsbasert kunnskap på.



## Del VI – Årsrekneskap

### Innleiing

Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling ble oppretta i 2008 som ein fagleg uavhengig etat under Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Frå 2019 er oppgåvene utvida med forvaltning av Merkur-programmet. Distriktssenteret er eit ordinært statleg forvaltingsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet. Rekneskapen er lagt fram i samsvar med rammene for økonomistyring i staten. Leiargruppa meiner rekneskapen gir eit godt bilete av Distriktssenterets økonomistyring.

### Kommentarar frå leiinga

Lønn er den største posten i driftsrekneskapen vår. I 2019 utgjorde lønn 23 millionar kroner. Det er nærare 4,3 millionar meir enn i 2018. Auken kjem frå verksemdsoverdraginga av Merkur-programmet og dei tre medarbeidarane som var med. Lønn utgjør 71 prosent av driftskostnadene. Dette er ein auke. I 2018 utgjorde lønn 67,4 prosent, i 2017 65 prosent og i 2016 60 prosent.

Merkur-programmet har gitt oss nye oppgåver og har kravd ein del ressursar. Ein av dei tre som blei med frå Mentor AS gjekk av med pensjon hausten 2019. Det er avdelingsleiar i Sogndal som har det daglege ansvaret for Merkur-oppgåvene og personalansvaret for dei nye tilsette. I tillegg har vi brukt andre ressursar på oppgåver som er knytt til Merkur-programmet. Dette utgjør over to årsverk. Vi har mellom anna arbeidd med revidering av Hovudprogrammet, Handle-lokalt kampanjen, førebuing av Merkur sitt 25-årsjubileum, klar-språk-gjennomgang av brev og malar frå Merkur.

Vår tredelte lokalisering krev god infrastruktur og digitale samhandlingsverktøy. Husleiga auka litt i 2019 som følgje av ekstra kontorhald til fjernarbeidssentral Førde. Det var ikkje auke i husleigekostnadene som følgje av at Steinkjer-avdelinga flytta inn i nye lokala. De nye lokala er dyrare pr m<sup>2</sup>, men leigd areal er vesentleg redusert. Å ha gode digitale løysingar har også i 2019 hatt prioritet. Til dei nye lokala på Steinkjer har vi skaffa fullverdig videokonferanseutstyr på to møterom. Sidan vi sit i ope landskap, har vi

også investert i datautstyr på tre stillerom. Dette fungerer godt.

Vi skiftar jamleg ut datamaskiner og syt for å ha løysingar som støtter opp under vår desentraliserte lokalisering og arbeidsmåte.

Kjøp av utgreiingar har vore, og er ein viktig post for oss. I 2019 sette vi av to millionar til dette og betalte ut om lag 1,5 millionar. Dette er noko mindre enn de to siste åra, men vi har i 2019 inngått fleire langsiktige utgreiingsavtalar og bunde opp midlar for 2020 og 2021.

Reiser er en annan omfattande utgiftspost. I tillegg til reiser for egne tilsette, gjeld denne posten også reiseutgifter til juryen for Attraktiv by styret for Merkur. Posten auka frå 1,9 millionar i 2018 til 2,3 i 2019. Hovudårsaka er tre fleire tilsette og styret i Merkur. Justert for denne endringa er reiseaktiviteten stabil.

Midlane til Merkur er delt med om lag 16 millionar til kompetanseprogrammet og 43 millionar til støtteordningane.

Kompetanseprogrammet er fellesnemninga på alle aktivitetar knytt til konsulentane. Her er besøksordninga grunnpilaren i oppgåvene og i gjennomsnitt har kvar konsulent rundt 300 000 i honorar for dette arbeidet. Rekneskapen viser at i snitt blir det betalt ut 1,1 millionar kroner til kvar konsulent for oppgåver som blir gjennomført i kompetanseprogrammet.

Steinkjer 13.03.2020



Halvor Holmli  
direktør  
Distriktssenteret  
- Kompetansesenter for distriktsutvikling

### **Prinsippnote til årsrekneskapen**

Årsrekneskap for Distriktssenteret er utarbeidd og lagt fram etter retningslinene for økonomistyring i staten.

- Rekneskapen følgjer kalenderåret
- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret
- Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp
- Regnskapet er utarbeidd etter kontantprinsippet

Oppstillinga av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa er i samsvar med krava til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja "*Netto rapportert til løyvingsregnskapen*" er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemdar er knytt til statens konsernkontoordning i Norges Bank.

Distriktssenteret er eit ordinært forvaltningsorgan med bruttobudsjettering, og får ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved årsslutt blir saldoen for kvar oppgjerskonto nullstilt.

### **Løyvingsrapportering**

Løyvingsrapporten viser rekneskapstal som Distriktssenteret har rapportert til statsrekneskapen. Den er stilt opp etter kapittel og postar i løyvingsregnskapen vi har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle egedelar og plikter vi står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonna *samla tildeling* viser kva Distriktssenteret har fått stilt til disposisjon for 2019.

### **Artskontorrapportering**

Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal Distriktssenteret har rapportert til statsregnskapet etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Vi har trekkrett for disponible tildelingar på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane skal ikkje førast som inntekt og viser dirfor ikkje som inntekt i oppstillinga.

## Oppstilling av løyvingsrapportering for rekneskapsåret 2020

Utgifter	Kapittelnamn	Post	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2019	Meirutgift (-) og mindreutgift
0550	Merkur-programmet	73	A, B	81 715 000	44 927 262	36 787 738
0554	Driftsutgifter	01	A, B	33 399 000	32 478 496	920 504
1633	Nettoordning for mva i staten	01		0	1 434 725	
<i>Sum utgiftsført</i>				115 114 000	78 840 483	
<b>Inntekter</b>						<i>Meirinntekt og mindreinntekt(-)</i>
3554	Diverse inntekter	01		0	6 018	6 018
5309	Tilfeldige inntekter, ymse	29		0	30 400	
5700	Arbeidsgiveravgift	72		0	2 497 296	
<i>Sum inntektsført</i>				0	2 533 714	
<b>Netto rapportert til bevilgningsrekneskapskapen</b>					<b>76 306 769</b>	
<i>Kapitalkontoar</i>						
60091801	Norges Bank/innbetalningar				841 494	
60091802	Norges Bank/utbetalningar				-76 880 025	
705032	Endring i mellomverande med statskassa				-268 238	
<i>Sum rapportert</i>					0	
<b>Behaldningar rapportert til kapitalrekneskapskapen (31.12)</b>						
				<b>31.12.2019</b>	<b>31.12.2018</b>	<b>Endring</b>
705032	Mellomverande med statskassa			-933 739	-665 502	-268 238

### Note A Forklaring på samla tildeling

Kapittel og post	554.01	550.73
Stikkord	Fullmakt til å overskride*	Kan overføres**
Meirutgift (-)/mindreutgift	920 504	36 787 738
Utgiftsført av andre etter gjevne belastningsfullmakter (-)		
Meirutgift (-)/mindreutgift etter gjevne belastningsfullmakter	920 504	36 787 738
Meirinntekter/mindreinntekter (-) etter meirinntektsfullmakt		Ikkje aktuell
Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving		Ikkje aktuell
Innsparingar (-)		Ikkje aktuell
Sum grunnlag for overføring	920 504	36 787 738
Maks. overførbart beløp	1 656 450	
Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda	920 504	36 787 738

\*Beløpet i kolonna "overført frå i fjor" er tilseigner gitt i 2017 og 2018 på tiltak som butikkane må gjennomføre innan utgangen av 2019.

Ei tilsegn er normalt gyldig ut søknadsåret + neste kalenderår.

### Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla tildeling
55 401	270 000	33 129 000	33 399 000
55 073*	22 007 000	59 708 000	81 715 000

### Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

\* «Kan overføres» betyr at midlane kan overføres til dei to følgande budsjettåra.

\*\* «Fullmakt til å overskride» betyr at ubrukte midlar kan overføres til neste år. Det er KMD som godkjenner slik overføring.



## Oppstilling av artskontorrapporteringa for 2019

	Note	2019	2018
<b>Driftsinntekter rapportert til løyvingsrekneskapen</b>			
Innbetalinger frå gebyr	1	0	0
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	0	0
Sals- og leigeinnbetalningar	1	6 018	53 362
Andre innbetalningar	1	0	0
Sum innbetalningar frå drift		6 018	53 362
<b>Driftsutgifter rapportert til løyvingsrekneskapen</b>			
Utbetalningar til løn	2	23 020 450	18 753 055
Andre utbetalningar til drift	3	20 846 642	9 387 307
Sum utbetalningar til drift		43 867 091	28 140 362
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>		<b>43 861 074</b>	<b>28 086 999</b>
<b>Investerings- og finansinntekter rapportert til løyvingsrekneskapen</b>			
Innbetaling av finansinntekter	4	140	0
Sum investerings- og finansinntekter		140	0
<b>Investerings- og finansutgifter rapportert til løyvingsrekneskapen</b>			
Utbetaling til investeringar	0	0	
Utbetaling til kjøp av aksjar	0	0	
Utbetaling av finansutgifter	4	191	177
Sum investerings- og finansutgifter		191	177
<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>		<b>51</b>	<b>177</b>
<b>Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>			
Innbetaling av skatt, avgifter, gebyr m.m.		0	0
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		0	0
<b>Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</b>			
Utbetalningar av tilskot og stønader		33 538 616	0
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		33 538 616	0
<b>Inntekter og utgifter rapportert på felleskapittel</b>			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		30 400	27 992
Arbeidsgjevaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		2 497 296	1 953 707
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		1 434 725	1 440 747
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		-1 092 972	-540 952
<b>Netto rapportert til løyvingsrekneskapen</b>		<b>76 306 769</b>	<b>27 546 224</b>
<b>Oversikt over mellomverande med statskassa</b>			
<b>Eigedelar og gjeld</b>		<b>2019</b>	<b>2018</b>
Krav		0	0
Kontantar		0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Norges Bank		0	0
Skuldig skattetrekk og andre trekk		-941 835	-671 909
Skuldige offentlege avgifter		0	0
Anna gjeld		8 096	6 407
<b>Sum mellomverande med statskassa</b>	8	<b>-933 739</b>	<b>-665 502</b>

### Note 1 Innbetalinger frå drift

	31.12.2019	31.12.2018
Tilfeldige inntekter	6 018***	53 362
<b>Sum sals- og leigeinnbetalinger</b>	<b>6 018</b>	<b>53 362</b>
<b>Sum innbetalinger frå drift</b>	<b>6 018</b>	<b>53 362</b>

### Note 2 Utbetalinger til løn

	31.12.2019	31.12.2018
Løn	18 319 648	15 050 430
Arbeidsgjevaravgift	2 497 296	1 953 707
Pensjonsutgifter*	2 208 039	1 790 333
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-253 816	-151 353
Andre ytingar	249 282	109 938
<b>Sum utbetalinger til løn</b>	<b>23 020 450</b>	<b>18 753 055</b>
Tal utførte årsverk**	24,16	21,67
Tal tilsette, årssnitt (SSB)	26	23
Avtalte årsverk, årssnitt (SSB)	26	23

\* Pensjonar blir kostnadsført i resultatrekneskapan basert på faktisk premie for rekneskapsåret. Premiesats for 2019 er 12 prosent. Premiesatsen for 2018 var 12 prosent.

\*\* Tal avtalte årsverk auka med 3 frå 1.1.19 sidan alle tilsette i Merkur-programmet vart med gjennom verksemdsoverdraging.

\*\*\* innbetaling for privat bruk av mobiltelefon

### Note 3 Andre utbetalinger til drift

	2019	2018
Husleige	1 425 678	1 296 481
Vedlikehald egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	0	0
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	290 532	257 355
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr mv.	0	0
Mindre utstyrsanskaffingar	634 216	127 287
Leige av maskiner, inventar og liknande	0	0
Kjøp av konsulenttenester*	1 563 072	1 301 592
Kjøp av framande tenester*	13 391 531	2 788 723
Reiser og diett	2 616 868	1 906 696
Andre driftsutgifter	924 745	1 709 173
<b>Sum andre utbetalinger til drift</b>	<b>20 846 642</b>	<b>9 387 307</b>

\*Frå og med 2019 blir konsulenttenester og andre framande tenester presentert separat. I samanlikningstala for 2018 er kjøp av framande tenester presentert samla på notelinja kjøp av framande tenester.

kap 554.01, Distriktssenteret	9 458 011
kap 550.73, Merkur	11 388 631
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>20 846 642</b>

### Merkur, hovudpostar i kompetanseprogrammet

Besøksordninga	2 889 000
Omstillingsordninga	2 263 631
Reisestøtteordninga	94 000
Disposisjonsmidlane	227 000
Studietur, Merkur-styret	393 000
Hovedprogram	2 435 000
Regionkonferansar	1 534 000
Spesialprosjekt/utviklingsprosjekt	797 000
Merkur Bok, hovudprogram	367 000
Handle lokalt-kampanjen	289 000
Konsulentkonferansar	100 000
<b>Sum Merkur</b>	<b>11 388 631</b>

### Distriktssenteret, detaljering av postar i driftsbudsjettet

Husleige	1 425 678
Driftsutgifter, reinhald o.l.	290 532
Utstyr	634 216
Konsulenttenester*()	1 563 072
Andre framande tenester:	
<i>IKT</i>	<i>1 121 964</i>
<i>Lønn/rekneskapstenester</i>	<i>39 900</i>
<i>Framande tenester</i>	<i>1 160 275</i>
Reiser og diett	2 297 629
Andre driftsutgifter	924 745
<b>Sum Distriktssenteret</b>	<b>9 458 011</b>

\* kr 1 464 000 gjeld kjøp av utgreiingar

#### Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2019	31.12.2018
<b>Innbetaling av finansinntekter</b>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	140	0
Anna finansinntekt	0	0
<b>Sum innbetaling av finansinntekter</b>	<b>140</b>	<b>0</b>
<b>Utbetaling av finansutgifter</b>		
Renteutgifter	0	0
Valutatap	191	177
Anna finansutgift	0	0
<b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>	<b>191</b>	<b>177</b>

#### Note 7 Tilskotsforvaltning

	31.12.2019	31.12.2018
Tilskot til finansielle føretak	33 538 616	0
<b>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten</b>	<b>33 538 616</b>	<b>0</b>

#### Utbetalt støtte fordeler seg på desse støtteordningane:

Drivstoff	3 871 944
Utviklingsstøtte	309 200
Bok	226 953
Service	5 230 500
Investeringsstøtte	24 211 519
*Innbetaling	-311 500
<b>Sum</b>	<b>33 538 616</b>

#### Utbetalt støtte gjeld tilsegn gitt:

Utbetalt 2018-tilsegn	17 582 318
Utbetalt 2019-tilsegn	16 267 798
*Innbetaling	-311 500
<b>Sum</b>	<b>33 538 616</b>

\*Innbetalinga gjeld feil utbetalt konsulenttilskot som blei korrigert etter at Distriktsenteret overtok ordninga.



## Note 8 Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa

### Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassen

	31.12.2019	31.12.2019	
	Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	Spesifisering av rapportert mellomverande med statskassa	Skilnad
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringar i aksjar og andelar*	0	0	0
Obligasjonar	0		
Sum	0	0	0
Kundefordringar	0	0	0
Andre fordringar	0	0	0
Bankinnskot, kontantar o.l.	0	0	0
Sum	0	0	0
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	- 865 571	0	865 571
Skuldig skattetrekk	-941 835	-941 835	0
Skuldige offentlege avgifter	0	0	0
Anna kortsiktig gjeld*	8 096	8 096	0
Sum	<b>-1 799 310</b>	<b>-933 739</b>	<b>-865 571</b>
<b>Sum</b>	<b>-1 799 310</b>	<b>-933 739</b>	<b>-865 571</b>

## Vedlegg: Nøkkeltal Merkur-programmet

### Oversikt over Merkur-butikkar 31.12.2019, sortert etter fylke

Fylke	Tal nærbutikkar	Endring frå 2018	Tal bokhandlar
Finnmark	30	- 1	3
Troms	40	-	2
Nordland	74	+ 3	5
Trøndelag	66	+ 2	4
Møre og Romsdal	43	-	2
Sogn og Fjordane	48	- 1	3
Hordaland	63	- 2	11
Rogaland	46	- 4	4
Vest-Agder	35	+ 1	3
Aust-Agder	28	+ 1	1
Telemark	25	+ 1	5
Vestfold	2	-	1
Buskerud	13	-	3
Oppland	36	-	1
Hedmark	31	-	3
Akershus	3	-	3
Østfold	2	-	2
<b>Totalt</b>	<b>585</b>	<b>-</b>	<b>56</b>

\* Det er ikkje lagt inn samanlikningstal for bokhandlar fordi talgrunnlaget er usikkert

## Oversikt over tildelingar gjennom støtteordningane, sortert på fylke

Fylke	Merkur bok	Støtte til drivstoffanlegg	Investeringsstøtte	Servicestøtte	Utviklingsstøtte	Til saman
Trøndelag		1 042 000	4 451 000	600 000		6 093 000
Finnmark		262 000	4 771 000	1 000 000		6 033 000
Troms		481 000	1 809 000	600 000		2 890 000
Nordland		1 287 000	5 568 000	1 474 000	101 000	8 430 000
Møre og Romsdal		2 550 000	1 093 000	100 000		3 743 000
Sogn og Fjordane	50 000	634 000	4 830 026	600 000	50 000	6 164 026
Hordaland	190 000	350 000	2 748 000	600 000		3 888 000
Rogaland	100 000	1 526 000	3 007 000	200 000	44 000	4 877 000
Vest-Agder	50 000	118 000	2 109 000	200 000		2 477 000
Aust-Agder		30 000	1 919 000	200 000		2 149 000
Telemark			460 000			460 000
Vestfold			131 000			131 000
Buskerud		500 000	732 000			1 232 000
Oppland		600 000	713 000		45 000	1 358 000
Hedmark		139 000	2 126 000	200 000	45 000	2 510 000
<b>Totalsum 2019</b>	<b>390 000</b>	<b>9 519 000</b>	<b>36 467 026</b>	<b>5 774 000</b>	<b>285 000</b>	<b>52 435 026</b>
<i>Totalsum 2018</i>	<i>500 000</i>	<i>4 344 000</i>	<i>25 039 000</i>	<i>4 100 000</i>	<i>425 000</i>	<i>34 408 000</i>
<i>Totalsum 2017</i>	<i>500 000</i>	<i>2 871 000</i>	<i>24 304 000</i>	<i>4 050 000</i>	<i>441 734</i>	<i>32 166 734</i>
<i>Totalsum 2016</i>		<i>5 171 000</i>	<i>27 629 000</i>		<i>1 476 000</i>	<i>34 276 000</i>
<i>Totalsum 2015</i>		<i>6 619 000</i>	<i>35 098 000</i>		<i>1 446 000</i>	<i>43 163 000</i>
<i>Totalsum 2014</i>		<i>5 113 000</i>	<i>31 657 000</i>		<i>1 676 000</i>	<i>38 446 000</i>
<b>Totalsum 2014-2019</b>	<b>1 390 000</b>	<b>33 637 000</b>	<b>180 194 026</b>	<b>13 924 000</b>	<b>5 749 734</b>	<b>234 894 760</b>



KOMPETANSESENTER FOR  
DISTRIKTSUTVIKLING  
Org. nr.: 992375434

## Riksrevisjonens beretning

### Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

#### Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert Kompetansesenter for distriktutvikling (KDU) sitt årsregnskap for 2019. Årsregnskapet består av ledelseskomentarer og oppstilling av bevilgnings- og artskontorapportering, inklusiv noter til årsregnskapet for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2019. Bevilgnings- og artskontorapporteringen viser at 76 306 769 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet. Etter Riksrevisjonens mening gir KDUs årsregnskap et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter for 2019 og kapitalposter pr 31. desember 2019, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon (ISSAI 1000–2999). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og de etiske kravene i ISSAI 30 fra International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI's etikkregler), og vi har overholdt de øvrige etiske forpliktelsene våre i samsvar med disse kravene og INTOSAI's etikkregler. Etter vår oppfatning er revisjonsbevisene vi har innhentet tilstrekkelige og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.

#### Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisjonens uttalelse omfatter revisjon av årsregnskapet og virksomhetens etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring, ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V). Vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen i årsrapporten. Formålet er å vurdere om det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapet og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen. Vi vurderer også om den øvrige informasjonen ser ut til å inneholde vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen.

Det er ingenting å rapportere i så måte.

### **Ledelsen og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet**

Ledelsen er ansvarlige for å utarbeide et årsregnskap som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlige for å etablere den interne kontrollen som den mener er nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

### **Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet**

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er ingen garanti for at en revisjon som er utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukere treffer på grunnlag av årsregnskapet.

Vi utøver profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen, i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon.

Vi identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten den skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Videre utformer og gjennomfører vi revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer og innhenter tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon ikke blir avdekket, er høyere for feilinformasjon som skyldes misligheter, enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Grunnen til det er at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, feilpresentasjoner eller overstyring av intern kontroll.

Vi gjør også følgende:

- opparbeider oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om hvor effektiv virksomhetens interne kontroll er
- evaluerer om regnskapsprinsippene som er brukt, er hensiktsmessige, og om tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen, er rimelige
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene
- evaluerer om årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten

Vi kommuniserer med ledelsen blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utføres. Vi vil også ta opp forhold av betydning som er avdekket i løpet av revisjonen, for eksempel svakheter av betydning i den interne kontrollen, og informerer det overordnede departementet om dette.

Når det gjelder forholdene som vi tar opp med ledelsen, og informerer det overordnede departementet om, tar vi standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet, og avgjør om disse skal regnes som sentrale forhold ved revisjonen. De beskrives i så fall i et eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at det er rimelig å forvente at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring vil være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.

## Uttalelse om øvrige forhold

### Konklusjon knyttet til administrative regelverk for økonomistyring

Vi uttaler oss om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten. Uttalelsen gis med moderat sikkerhet og bygger på ISSAI 4000-serien for etterlevelsesrevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapet er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten.

Oslo, 30.04.2020

Etter fullmakt

Tor Digranes  
ekspedisjonssjef

Kari Kay  
avdelingsdirektør

*Brevet er ekspedert digitalt og har derfor ingen håndskreven signatur*